

Lokal presteteneste – utgreiing av nye ordningar

1 Oppsummering

Kyrkjerådet peikte våren 2009 ut ei arbeidsgruppe som sommaren 2010 kom med denne utgreiinga om eventuelle nye ordningar for lokal presteteneste i Den norske kyrkja (Dnk) og om spørsmålet om ungdomspastor/ungdomsprest med bacheloreksamen. Hovudinnhaldet i utgreiinga kan oppsummerast i desse punkta:

- Arbeidsgruppa har gjort greie for og samanlikna dei to ordningane ”Ordained Local Ministry” (OLM) i Church of England (CofE) og ”Ordnungsgemäss berufen” (OB) innanfor Den sameinte evangelisk-lutherske kyrkja i Tyskland (VELKD). Felles for begge ordningane er at dei er introduserte for å sikre kyrkjelydane ei ordna teneste med ord og sakrament i tider der ein pressa økonomi eller ei redusert rekruttering til tradisjonell presteteneste gjer dette vanskeleg.

Ein viktig skilnad er at CofE har valt å presteordinere eigna lekfolk til å utføre assisterande teneste etter ein viss instruks og under tilsyn av ein lokal sokneprest, mens dei tyske lutherske kyrkjene vel å gi eigna lekfolk utvida fullmakter til forkynning og sakramentforvaltning. Ein annan skilnad er at dei engelske assisterande prestane utfører denne tenesta på ulønt basis ved sida av ein sekulær jobb, mens det i den tyske samanhengen vel kan dreie seg om både lønt og ulønt teneste.

- Vi har argumentert for at desse forholda kan liggje bak desse ulike løysingane: I den anglikanske tradisjonen skjer utveljing til presteteneste tradisjonelt gjennom ei omfattande prøving av aktuelle kandidatar, der den akademiske utdanninga spelar ei mindre rolle enn i dei lutherske kyrkjene. Dette gjer det lettare å gi full ordinasjon til personar med ei avgrensa akademisk skoloring, når kyrkja har sikra seg at desse har eit aktivt kyrkjelydsengasjement og ein menneskeleg og åndeleg mognad som gjer dei eigna til assisterande teneste. Det klare medvitet om å stå i ein episkopal tradisjon gjer det også vanskeleg å tenkje seg at personar kan ha hand om sakramentforvaltning utan ordinasjon ved ein biskop.

I den lutherske tradisjonen er det lagt sterkare vekt på det allmenne prestedømmet i den forstand at kvar døypt kristen er kvalifisert til å forvalte sakramenta. Men også i dei lutherske kyrkjene er det innsett ei ordna teneste med ord og sakrament på vegner av kyrkjelyden. Når dei tyske lutherske kyrkjene vegrar seg mot å presteordinere personar til assisterande presteteneste, verkar det som at to forhold ligg bak dette. For det første er det tanken om einskapen til det kyrkjelege embetet, noko som inneber at ein ikkje kan ordinere ein person og så avgrense retten vedkommande har til å utføre tenestene til ein prest. Men vel så viktig er kanskje vektlegginga i den lutherske tradisjonen av den akademiske skoloringa av prestane, som i ei tid med eit høgt utdanningsnivå i samfunnet elles kan reknast som viktig. Den sterke vektlegginga av læra om det allmenne prestedømmet gjer det

også lettare i ein luthersk samanheng å akseptere at personar utan vigsling til prest kan ha hand om sakramentforvaltning.

- Spørsmålet om det i Noreg er behov for ordningar for ei assisterande presteneste etter mønster av OLM i England eller OB i Tyskland, vil slik arbeidsgruppa ser det, vere avhengig av vurderinga av den aktuelle situasjonen i kyrkja både når det gjeld personell og økonomi. Dei data vi har arbeidd med, tyder ikkje på at personellsituasjonen er kritisk når det gjeld kyrkjelydsprestar landet sett under eitt og på kort sikt. Likevel er situasjonen vanskeleg i nokre bispedømme og akutt i nokre einskildkyrkjelydar. I eit litt lengre perspektiv er det fleire usikre faktorar, både når det gjeld rekruttering og økonomi, som kan føre til ei sterk forverring av forholda. Slik arbeidsgruppa ser det, bør kyrkja ha ein beredskap dersom ein kjem opp i ein slik vanskeleg situasjon med betydeleg mangel på ordinerte prestar.
- På bakgrunn av den kyrkjerettslege situasjonen i Dnk som dokumentet gjer greie for, og innhenta erfaringsmateriale har arbeidsgruppa særleg konsentrert seg om § 10 om tenesta til ikkje ordinerte/vigsla med ord og sakrament i den gjeldande tenesteordninga for biskopar. I ei tid der det går føre seg eit arbeid med å leggje til rette forholdet mellom ulike stillingskategoriar i kyrkja, har vi ønskt å peike på ein måte å gjere det på som kan realiserast innanfor dei kyrkjerettslege rammene som alt finst, og som også har bakgrunn i ein etablert praksis. Vi har såleis argumentert for at det nettopp i denne paragrafen finst ei opning for at ein meir systematisk kan forme ei assisterande presteneste etter mønster av den tyske OB-ordninga.
- Ei slik ordning i norsk samanheng vil kunne innebere at bispedømme utarbeider ei oversikt over behova sine og søker, eventuelt i samarbeid med einskildkyrkjelydar, å finne aktuelle kandidatar til ei slik teneste. Det har vidare som føresetnad at det blir utarbeidd kriterium både for om ein kandidat er personleg eigna, har akademiske kunnskapar og eventuelle andre føresetnader, og klare retningslinjer for korleis ei slik teneste skal leggjast til rette reint praktisk. Arbeidsgruppa tenkjer seg at det må kunne bli ei fleksibel utforming, med tanke på at einskildkyrkjelydar skal kunne bli ytt tenester både i akutte situasjonar og i eit meir langsiktig perspektiv. I det meir langsiktige perspektivet kan i ein del tilfelle ei meir permanent presteneste med grunnlag i ordningane i §§ 4 og 5 i forskrifta om tilsetjing av kyrkjelydsprest vere aktuell. Gjennomtenking av ei tilrettelegging for dette fell likevel utanfor rammene for denne utgreiinga.
- Når det gjeld spørsmålet om ungdomsprest /ungdomspastor med bacheloreksamen, vil arbeidsgruppa peike på at denne utgreiinga viser at den største og mest grunnleggjande utfordringa i Dnk i samband med ungdomsarbeid er at kyrkja manglar ein gjennomtenkt, heilskapleg strategi for ungdomsarbeid som også inkluderer sakramentsforvaltning. Dette heng nøye saman med at det manglar tydelege ordningar for korleis ungdomsarbeidet i kyrkja skal leiast. Særleg er det uklart kven blant dei tilsette i kyrkjelyden som har hovudansvaret for ungdomsarbeidet. Slik arbeidsgruppa vurderer det, må ein sjå spørsmålet om å opprette ein eventuell ny stillingskategori som skal kunne vareta fellesskapar for ungdom som inkluderer sakramentsforvaltning, i samanheng med det større stillingsmønsteret i kyrkja. Erfaringane frå Trusopplæringsreforma vil vere viktig i dette, og

spørsmålet om bachelorprest bør ein sjå i samanheng med ei avklaring også for dei andre relevante stillingsgruppene. Å satse på ein ny stillingskategori no, utan at ein tek omsyn til denne større heilskapen, vil truleg kaste lite av seg utan at satsinga har ei breidd og eit omfang som gjer at det kan vere med på å løyse dei grunnleggjande utfordringane som gjeld ungdomsarbeidet i Dnk. Ei satsing på ungdomsarbeid vil vere avgjerande også for rekrutteringa til kyrkjelege stillingar. Framtida til kyrkja vil vere avhengig av dette. Arbeidsgruppa rår derfor ikkje til ei ordning med ungdomsprest med bacheloreksamen.

2 Innleiing

2.1 Mandat

Arbeidsgruppa for utgreiing av ordning med lokal presteteneste vart peikt ut med dette mandatet, her litt utdjupa og presisert i høve til ordlyden i brevet frå Kyrkjerådet:

1. Å gi ei utgreiing om og vurdering av ordninga OLM som innanfor CofE opnar for å ordinere personar i ei vanleg sekulær stilling med tanke på presteteneste innanfor eit geografisk avgrensa verkeområde, og ordninga OB innanfor ramma av VELKD. OB ordninga opnar for at personar utan ordinasjon kan få fullmakt til å utføre tenester som tradisjonelt berre ligg til ordinerte prestar. For å kunne gi ei viss vurdering av sterke og svake sider var det behov for å innhente erfaringar frå desse ordningane.
2. Å vurdere om det kan opprettast ei vigsla stilling som ungdomsprest/ungdomspastor på vilkår som er føreslått av Ungdomstinget i Agder og Telemark bispedømme (sak UT 05/08). Det vil mellom anna innebere litt lågare kompetanse enn til vanleg presteteneste og visse avgrensingar når det gjeld fullmakter og verkeområde.
3. Å skissere moglege nye modellar eller ordningar for Dnk i lys av forståinga i kyrkja av ordinasjonen og sakramentforvaltninga.¹

Oppdraget er gitt på bakgrunn av ei førebels evaluering og drøfting i Kyrkjerådet av godkjenningssystemet for personar utan cand.theol.-graden og dei justeringane som blir føreslått der (sak KR 37/08).² Uavhengig av dette tolkar vi mandatet vårt snevert i retning av å skildre og drøfte dei nemnde ordningane frå England og Tyskland (punkt 1) og eventuelt å føreslå liknande ordningar for bruk i Dnk (punkt 3). Arbeidsgruppa ser det slik at punkt 2 i mandatet da må vurderast i samanheng med dette og eventuelt reknast som eit konkret døme på ei slik ordning.

¹ Mandatet, som gruppa fekk frå Kyrkjerådet i brev av 04.03.2009, er dette: "Gruppen skal gi en beskrivelse av ordningene Ordained Local Ministry og Ordnungsgemäss, innhente erfaringer fra ordningene og beskrive evt. styrke og svakhet i forhold til bruk i Den norske kirke. Gruppen bes også vurdere opprettelse av en stilling som ungdomsprest/-pastor i tråd med de føringer som er gitt fra Ungdomstinget i Agder og Telemark bispedømme. Gruppen skal skissere mulige modeller/ordninger i lys av vår kirkes forståelse av ordinasjonen og sakramentsforvaltningen."

² Ei utgreiing om "ordningar for prestetjeneste som er ulønnet, ordningar for ordinasjon til avgrenset tjeneste og ulike former for assisterende prestetjeneste" og behovet for å innhente erfaringar frå andre kyrkjer, er også nemnd i sak BM 22/05 "Prestefullmakter til ikke-ordinerte".

I brev av 11.05.2010 frå biskopen i Oslo har Kyrkjerådet vorte bede om at denne føreliggjande utgreiinga også skulle ta for seg ordning for frivillig teneste for ordinerte prestar i kyrkjelydar i Dnk. Denne oppmodinga har gruppa ikkje funne å kunne komme i møte. Grunnen er at temaet er på sida av mandatet for utgreiinga. Da førespurnaden kom, var dessutan utgreiingsarbeidet i den avsluttande fasen.³

Vi har hatt ei omfattande drøfting av dei to nemnde ordningane, OLM og OB, og gitt ei fyldig framstilling av begge. Vi har vidare prøvd å tolke og vurdere desse i lys av dei aktuelle kontekstane i CofE og VELKD, og dei erfaringane som ein førebels har fått. På denne bakgrunnen har vi sytt for ei viss samanlikning mellom desse ordningane og komme med ei førebels vurdering av kor aktuelle dei er i ein norsk samanheng.

Arbeidsgruppa har vidare drøfta behovet for ei meir heilskapleg organisering og leing av ungdomsarbeidet i Dnk, særleg med tanke på sakramentsforvaltning (punkt 2 i mandatet). Vi har gjort greie for det vi meiner er dei viktigaste argumenta for og imot opprettinga av ein ny stillingskategori ”ungdomsprest/ungdomspastor”. I arbeidet med dette har vi også gjort oss tankar om den eventuelle saklege samanhengen mellom spørsmålet om ein slik ny stillingskategori og spørsmålet om lokal presteneste (punkt 1 om mandatet ovanfor).

Vi er klar over at ein no har omfattande, overordna drøftingar om ordninga og økonomien i Dnk i ein framtidig situasjon med endra relasjonar til staten, som også kan få implikasjonar for dei spørsmåla vi her drøftar. Gruppa konstaterer også at ein, samstundes med utgreiingsverksemda vår, har arbeidd med å avklare forhold som gjeld andre stillingsgrupper i Dnk, og at dette kan ha relevans for dei spørsmåla vi har hatt til vurdering. Vi har derfor vore tilbakehaldne med å gå inn for store endringar og heller valt å halde oss mest mogleg til gjeldande ordningar. Behandlinga i bispemøtet av saker som gjeld embetsteologi, har også vore viktig for drøftingane i arbeidsgruppa.

Når det gjeld behovet for nye modellar eller ordningar for presteneste, eventuelt ulike tenester med spesielle fullmakter, ser arbeidsgruppa det slik at dette, også i Dnk, i høg grad er avhengig av vurderinga av den aktuelle kyrkjelege og samfunnsmessige situasjonen. Det er særleg endra forhold i dei økonomiske rammevilkåra til kyrkja, men også når det gjeld rekrutteringa til kyrkjelege stillingar, som har gjort at ein har innført desse nye ordningane i England og Tyskland. For Tysklands del legg ein også der vekt på endra forhold med tanke på utdanning og demokratisering innanfor samfunnet som ein viktig bakgrunn for nytenking om kyrkjeleg leiarskap. Vi har derfor inkludert eit avsnitt om personellsituasjonen i Dnk, særleg med tanke på rekruttering til prestenesta og ulike grunnar til avgang frå denne tenesta. Dei data vi her viser til, tyder ikkje på at personellsituasjonen er kritisk når det gjeld kyrkjelydsprestar landet sett under eitt og på kort sikt, men det finst fleire usikre faktorar som gjer at ein i eit litt lengre perspektiv kan komme opp i ein vanskeleg situasjon. Dessutan vil ein i alle tilfelle oppleve situasjonen som akutt i dei kyrkjelydane som over tid har prestemangel.

Når det gjeld ei vurdering av nye modellar eller ordningar for teneste i lys av forståinga i kyrkja av ordinasjonen og sakramentforvaltninga (punkt 3), har vi i ein eigen del kartlagt den aktuelle kyrkjerettslege situasjonen med tanke på gjeldande ordningar og forskrifter for

³ Svar er gitt i brev frå sekretariatet i Kyrkjerådet av 17.06.2010. Sjå elles del 6.2, underpunktet om bruk av § 10 i Tjenesteordning for biskoper.

sakramentforvaltning og andre relevante forhold. Vi har her særleg ønskt å peike på kva som kan vere mogleg å få til ut frå § 10 i Tjenesteordning for biskoper, med høve til å gi eigna lekfolk omfattande fullmakter til gudstenesteleiing og sakramentforvaltning, og det høvet ikkje-ordinerte har til å leie preikegudstenester utan fullmakt frå biskopen.⁴ Forslaga våre er også gjennomtenkte mellom anna med bakgrunn i erfaringane frå ordninga med godkjenning av Evalueringsnemnda som alternativ veg til presteteneste, og innhenta materiale om bruken av § 10 i Tjenesteordning for biskoper.

Oppsummeringa av arbeidet med nokre av dei moglege konklusjonane arbeidsgruppa ser for seg ut frå mandatet, er presentert ovanfor som første del av denne utgreiinga.

2.2 Arbeidsgruppa

Gruppa som har greidd ut spørsmålet om eventuelt nye ordningar for lokal presteteneste, har hatt Ove Conrad Hanssen, førsteamanuensis, som leiar. Dei andre medlemmene har vore Arne Kaldestad, ungdomskonsulent/student, Birgitte Lerheim, fagleg leiar/prosjektmedarbeidar, Halvor Nordhaug, biskop og Bård Eirik Hallesby Norheim, stipendiat. Frå sekretariatet i Kyrkjerådet har seksjonsleiar Synnøve Hinnaland Stendal fungert som sekretær. Gruppa har hatt seks møte.

2.3 Disposisjon

Utgreiinga har desse hovuddelane:

1. Oppsummering
2. Innleiing
3. Den engelske OLM-ordninga og den tyske OB-ordninga
4. Leiarskap i ungdomsarbeidet i Dnk – med eit særleg blick på tenesta med ord og sakrament
5. Personellsituasjonen – norske kyrkjelydsprestar
6. Den kyrkjerettslege situasjonen
7. Erfaringar med vegar til presteteneste via Evalueringsnemnda
8. Bruk av § 10 i Tjenesteordning for biskoper
9. ”Assisterande presteteneste” innanfor ramma av gjeldande ordningar for Dnk

3 Den engelske OLM-ordninga og den tyske OB-ordninga

3.1 OLM i CofE

⁴ *Gudstenestebok for Den norske kyrkja*, del I, 1992:156.

Framstillinga nedanfor byggjer primært på boka *Ordained Local Ministry* og rapporten *OLM – A Ministry in Flux* til det engelske bispemøtet. Begge desse dokumenta skildrar ulike sider ved denne tenesta, samstundes som erfaringar så langt blir evaluerte. Brosjyren *Ordained Local Ministry – And Your Parish*, utgitt av eit av dei bispedømma, nemleg Manchester, som i størst grad har nytta denne ordninga, gir også verdifull informasjon.

Presisering

Ordninga OLM inneber at ein lokal kyrkjelyd får høve til å peike ut og framstille for ei vurdering av kor eigna aktive lekfolk som er i fulltids sekulære stillingar, kan vere med tanke på ordinasjon. Dersom desse blir godkjende og lykkast med å gjennomføre det studie- og opplæringsprogrammet som er lagt til rette for dei, kan dei ordinerast og gå inn i presteneste innanfor eit geografisk avgrensa område. Ordinasjonen deira er fullverdig og gir prinsipiell rett til å utføre alle prestelege tenester, men dei står under rettleiing av den lokale soknepresten sin og utfører tenesta si etter ein meir detaljert instruks. Dei held fram i det vanlege yrket sitt, får inga lønn frå kyrkja og må gjennomføre både utdanninga og tenesta si på fritida.

Bakgrunn og aktuell situasjon

Denne ordninga går attende til 1960- og 1970- åra. Når det gjeld bakgrunnen, ser det ut som at to praktiske forhold har vore viktige, sjølv om også ei viss teologisk motivering er gjord gjeldande:

- Ein viss nedgang i rekrutteringa til presteutdanninga, noko som igjen ville kunne føre til mangel på prestar.
- Ein meir pressa økonomisk situasjon innanfor kyrkja.⁵

Den nye ordninga ser ut til å kunne bøte noko på begge desse problema ved at ei rekkje engasjerte lekfolk, som elles ikkje ville ha utdanna seg til prestar, no vart motiverte til det, og ved at desse utfører tenesta si ulønte.

Visse endringar har det sjølv sagt vore undervegs. Opphavleg vart ordninga kalla "Local Non-Stipendiary Ministry", og ulike rapportar viser at ein framleis evaluerer henne.⁶ Nemninga "A Ministry in Flux" reflekterer nettopp dette, det dreier seg om ei ordning som er til stadig vurdering og omprøving.

Interessant for ein utanforståande observatør er at dei ulike bispedømma står fritt når det gjeld ordninga med OLM, og at det også finst mange lokale variasjonar. I somme bispedømme har dette vorte ei svært viktig ordning, andre bispedømme har prøvd henne ei viss tid, men av ulike grunnar avvikla henne. Andre att står på trappene til å ta ordninga i bruk. I ei spørjeundersøking i bispedømma i mars 2006 fordeler 35 svar seg på desse standpunkta: 12 har eit for det meste positivt forhold til ordninga, 6 har henne for tida oppe til meir inngåande vurdering, 14 bispedømme svarer at dei ikkje har teke henne i bruk og heller ikkje har planar om å setje OLM-ordninga i verk, og 3 har ikkje noko spesielt syn på ordninga.⁷

⁵ Heskins 2006:32.

⁶ *OLM – A Ministry in Flux* og *Stranger in the Wings*.

⁷ *OLM – A Ministry in Flux* 2007:3.

Noko av grunnen til denne ulike bruken ser ut til å vere at CofE alt har fleire ulike utdanningsvegar til presteneste. Ved sida av dei tradisjonelle teologiske collega med fulltidsstudium finst det no ulike regionale utdanningsinstitusjonar som tillèt at studentane bur heime og fullfører ei presteutdanning, samstundes som dei i nokre tilfelle framleis har ein viss yrkesaktivitet. Dette ser ut til å ha ført til større rekruttering til prestenesta.

I nokre bispedømme finst det dessutan ein del personar som har gjennomført ei tradisjonell presteutdanning, og som er ordinerte, men som no arbeider full tid i andre yrke, til dømes som lærarar. Der slike på fritida si er villige til å gjere ei viss assisterande, ulønt presteneste,⁸ ser ein i somme bispedømme dette som ei meir tilfredsstillande løysing enn OLM.

Statistikkane over ordinerte prestar innanfor CofE viser at av 540 nye prestar i 2002 høyrde 58, 34 menn og 24 kvinner, til OLM-ordninga. Dei tilsvarande tala for 2004 var 469, der 78 høyrde til OLM, av dei 47 kvinner og 31 menn.

Teologisk motivering

I dei ulike kjeldene vi har vist til, finst det fleire freistnader på å gi ei teologisk motivering eller grunngiving for kor viktig denne ordninga er.

Eit viktig element er at OLM fremjar "the corporate dimension of vocation", det at det djupast sett er kyrkjelyden som er kalla til å tene, og at denne no konkretiserer dette kallet ved å formidle det til personar i kyrkjelyden sjølv. Sjølv om kyrkjelyden ikkje har det endelege ansvaret for utveljinga, motverkar den rolla kyrkjelyden har, tendensen til ei for individualistisk forståing av kallet til presteneste.

På liknande måte er det ein kallar gjenoppdaginga av "the local or contextual dimensions of ministry", nettopp det at denne typen teneste er rotfest i og spring ut av den lokale fellesskapen. Mens den lokale soknepresten vil ha eit overordna ansvar for eit større område, vil denne typen teneste lettare kunne byggje relasjonar i lokalsamfunnet.

Eit tredje aspekt er at ordninga er eit uttrykk for det som er kalla "the collaborative ministry of the whole local church", dette at ein lokal kyrkjelyd er kalla til samarbeid og ei felles teneste. Dette at OLM-tenesta vanlegvis skjer innanfor ramma av eit team, med både prestar og ikkje-vigsla, er også eit uttrykk for dette.

Konkret utforming

Det er særleg tre element som er viktige ved OLM-ordninga: utveljingsprosessen, utdanninga/opplæringa og utforminga av eller instruksjonen for tenesta. No kan ein seie at dei to første er viktige i all tenking om prestenesta innanfor CofE, men dei verkar også viktige for å kvalitetssikre denne ordninga. Det tredje elementet blir da spesielt for OLM-tenesta, idet desse prestane må utføre denne tenesta innanfor meir spesifiserte og snevre rammer enn prestar vanlegvis gjer.

Når det gjeld dei tre elementa utveljingsprosessen, utdanninga/opplæringa og utforminga av eller instruksjonen for tenesta, oppsummerer punkta nedanfor dei viktigaste momenta:

⁸ "Self supporting ministry on a flexible basis", sjå *OLM – A Ministry in Flux* 2007:6.

- 1 Sjølv om initiativet til å kalle personar til ei OLM-teneste kjem frå ein lokal kyrkjelyd, der vedkommande kandidat sikkert er vel kjend både av den lokale presten og av andre sentrale leiarar, skjer prøvinga av kor eigna kandidaten er, langs dei same kanalane som av kandidatar til vanleg presteteneste. Først blir likevel også den lokale kyrkjelyden vurdert, og kor ”eigna” han er til å huse ei slik teneste. Den innleiande prosedyren med tanke på OLM blir i den nemnde brosjyren frå Manchester bispedømme skildra slik:

Ein person frå OLM-komiteen i bispedømmet blir invitert til ei innleiande orientering og ein samtale med soknerådet.

- Dersom ein så ønskjer å gå vidare, blir soknerådet bede om å fylle ut eit omfattande spørjeskjema som skal gi eit godt bilete av kyrkjelyden og livet der. Her kan ein også antyde ein mogleg tenesteprofil for ei OLM-teneste.
 - På denne bakgrunnen er det så ein omfattande samtale mellom fleire representantar frå OLM-komiteen og soknerådet. Ein mogleg tenesteprofil vil her også bli utdjupa. Fell denne samtalen heldig ut, kan kyrkjelyden bli akkreditert til OLM-ordninga og få høve til å framstille ein kandidat for prøving. Det bør vere ein person som er mellom 30 og 55 år når utdanninga byrjar, som er vel etablert i kyrkjelyden, og som ikkje har planar om å flytte på ei stund.
 - Ein slik eventuell kandidat blir da teken inn i den formelle prosedyren i bispedømmet for prøving av kandidatar til presteteneste.⁹ Denne prøvinga er svært omfattande og dreier seg om ei heilskapsvurdering av menneskeleg og åndeleg mognad og av motivasjon for tenesta. Prøvinga er likevel ikkje berre ei sak for bispedømmet, for også personar som representerer eit heilskapskyrkjeleg perspektiv, er inne i biletet.¹⁰
- 2 Dei ulike bispedømme, som CofE til presteteneste i det heile, kan ha ulike opplegg for utdanninga og treninga til ei OLM-teneste.¹¹ Ein klar tendens ser likevel ut til å vere at ho meir og meir blir integrert i eit av dei nye regionale utdanningsnettverka for prestar.¹² I all utdanning av prestar innanfor CofE legg ein elles vekt på at tre element bør vere til stades: ”education – formation – training”.¹³
 - 3 Som nemnt arbeider prestar i ei OLM-teneste etter ein bestemt ”ministry profile” eller tenesteinstruks, som skildrar arbeidsoppgåvene deira i ramma av det lokale pastorale teamet. Det geografiske området blir også oppgitt, og det ser no ut til å vere ein tendens til å utvide dette frå ein lokal soknekyrkjelyd til eit prosti.¹⁴

Evaluering – innvendingar mot OLM-ordninga

⁹ Jf. Heskins 2006:119–128.

¹⁰ CofE har for tida ni offisielle kriterium “in its discernment and selection process”, jf. Pritchard 2007:2–4, eventuelt ti, sjå Heskins 2006:122f.

¹¹ Jf. ein generell presentasjon Heskins 2006:129–148, der det blir sagt at opplegget i ulike bispedømme framviser ‘considerable diversity in the method, style, context and content of training’, sjå s. 132.

¹² Jf. dokumentet frå West Midland Church Leaders, *A Covenant to establish a Regional Training Partnership*, der OLM er nemnt i punkt II. a. 7.

¹³ Jf. Croft og Waltons bok *Learning for Ministry. Making the most of study and training*.

¹⁴ *OLM – A Ministry in Flux* 2007:8f.

Ei generell vurdering, særleg i dei bispedømma der ein har brei erfaring med denne ordninga, ser ut til å vere positiv. I den nemnde boka *Ordained Local Ministry* som særleg speglar erfaringar frå Southwark bispedømme, blir det konkludert med at denne ordninga er "here to stay".¹⁵ Rapporten *OLM – A Ministry in Flux*, også den er nemnd ovanfor, gir ingen klare konklusjonar, men gjennom ulike forslag til forbetring verkar det som han klart har som føresetnad at dette er ei ordning som vil halde fram i kyrkja. Ei interessant evaluering, som byggjer på ei rekkje intervju med personar i OLM-teneste, står i ein artikkel av Elisabeth Ann Jordan frå 2008. Her blir den særeigne pastorale identiteten understreka, knytt til den lokale forankringa som blir utvikla blant desse. I ei tid med store endringar og nye utfordringar for kyrkja blir ein person i OLM-teneste skildra som "a local missionary theologian".¹⁶

Ei hovudinnvending mot OLM er likevel at denne måten å avgrense den ordinerte tenesta på trugar "the catholicity of ministry", det allmenne eller heilskapen ved tenesta, og fører til at det eksisterer to ulike grupper, eller klassar, av ordinerte prestar. Mot dette blir det igjen innvendt at det ikkje er ordinasjonen som er ulik, men "the licence", tenestebrevet. Alle anglikanske prestar arbeider med fullmakt i eit tenestebrev, som spesifiserer og dermed til dels avgrensar dei kyrkjerettslege rammene for den aktuelle tenesta deira. Hovudskilnaden er at den geografiske ramma er snevrare for OLM-tenesta.¹⁷

Andre argument er desse:

- Når ein ser på kor mange kandidatar det er, er det for dyrt å halde ved lag eigne utdanningsopplegg for OLM-teneste. Dette argumentet ser ut til å bli svekt ettersom desse no meir blir tekne inn i etablerte eller planlagde regionale nettverk for presteutdanning.
- Den aukande mobiliteten i det engelske samfunnet ser ut til å gjere det vanskeleg å halde fast på den lokale profilen slik føresetnaden var.
- Mange aktuelle kandidatar til OLM-teneste bør heller bli oppfordra til å førebu seg på fulltids, lønt presteteneste.
- I ei tid der CofE er oppteken av å setje misjon og evangelisering høgt på dagsordenen sin, er somme redde for at OLM-tenesta lett blir meir oppteken av vedlikehald enn av misjon.

Avsluttande refleksjonar

Det verkar sakssvarande å seie at OLM-tenesta innanfor CofE primært voks fram som ein respons på ein situasjon i kyrkja der ein var under eit økonomisk press, og også frykta eit kommande underskot på prestar.

Uavhengig av den økonomiske situasjonen ser to faktorar ut til å ha vore viktige for valet av ein type ordinerte, assisterande prestar for å kunne møte behovet for ei tilstrekkeleg pastoral teneste av lokale kyrkjelydar, nemleg den episkopale forståinga og den litt svakare akademiske tradisjonen enn vi er vane med. CofE representerer ein klassisk episkopal tradisjon, der ein vanskeleg kan tenkje seg ei ordning med sakramentforvaltning uavhengig av ein person som er ordinert av ein biskop. Dessutan har føresetnaden for ordinasjon her aldri vore knytt så nær opp til akademisk

¹⁵ Heskins 2006:162.

¹⁶ Jordan 2008:225.

¹⁷ Jordan 2008:226f.

utdanning som i den lutherske tradisjonen. Heller ikkje studiet ved dei spesielle anglikanske ordinasjonscollega har nødvendigvis ført fram til ein formell universitetsgrad. Som framstillinga ovanfor har vist, har det meir dreidd seg om ei heilskapsvurdering av personar, der anna utdanning, yrkeserfaring, kyrkjelydsengasjement og åndeleg og menneskeleg mognad har spelt ei viktig rolle ved sida av den teologiske skoloringa. Utviklinga i retning av at regionale utdanningsinstitusjonar, utan internat eller bufellesskap, no utdannar ein stadig større del av prestane, har truleg styrkt tendensen til å tone ned vekta på formell, akademisk kompetanse. Spørsmålet om ein har greidd å gi OLM-kandidatar ei god nok teologisk skoloring, har sjølvstøtt spelt ei rolle i diskusjonen om denne tenesta, men ser ikkje ut til å ha vore det avgjerande momentet.

3.2 OB – ei ordning i dei tyske lutherske landsdelskyrkjene

Dokumentet ”*Ordnungsgemäss berufen*”. Eine Empfehlung der Bischofskonferenz der VELKD zur Berufung zu Wortverkündigung und Sakramentsverwaltung nach evangelischen Verständnis¹⁸ frå 2006 og Halvor Nordhaugs artikkel ”Kan presten erstattes? Noen embetsteologiske og praktiske refleksjoner i trange tider” frå 2008 har i særleg grad vore eit nyttig bakgrunnsmateriale for arbeidsgruppa.

Presisering

Uttrykket ”*Ordnungsgemäss berufen*” siktar til ei formulering i *Confessio Augustana* (CA) artikkel 14, der det på norsk heiter: ”Om kyrkjeordninga lærer dei at i kyrkja bør ingen lære offentleg eller forvalte sakramenta utan at han er retteleg kalla.”¹⁹ Det norske uttrykket ”retteleg kalla” er omsett frå det latinske ”rite vocatus”, som i den tyske teksten til CA 14 står som ”ordentliche Berufung”. Eit viktig spørsmål som blir drøfta i dette dokumentet, er om dette uttrykket nødvendigvis må knytast til ein presteordinasjon, eller om det kan få ei vidare tolking.

Hovudpoenget i tilrådinga ”*Ordnungsgemäss berufen*” frå dei tyske, lutherske biskopane er å leggje til rette for ei forståing av CA 14 som tillèt at personar som ikkje er vigsla eller ordinerte, i visse klart definerte tenestesituasjonar kan få fullmakt til å forkynne og å forvalte sakramenta på vegner av kyrkja.

Bakgrunn og aktuell situasjon

Initiativet til ei tilråding eller fråsegn til dette spørsmålet går attende til slutten av 1990-åra, og det ser ut til å vere to hovudgrunnar til at ein har komme med henne:

- Det eksisterer ein nødssituasjon i fleire av landsdelskyrkjene fordi ein ikkje har god nok økonomi, og til dels for lite personell, til å sikre ei tilfredsstillande teneste for mange lokale kyrkjelydar med forkynning og sakramentforvaltning.
- Denne nødssituasjonen har tvinga fram ulike løysingar i dei ulike landsdelskyrkjene. I somme kyrkjer har leke personar kunna forkynne, men ikkje forvalte sakrament. I andre har

¹⁸ Ei norsk omsetjing kan lyde: ”Kalla ifølgje gjeldande ordning. Ei tilråding frå biskopskonferansen i ‘Dei sameinte evangelisk-lutherske kyrkjene i Tyskland’ om å bli kalla til å forkynne Ordet og forvalte sakramenta ifølgje ei evangelisk forståing.”

¹⁹ Se Brunvoll 1970:52.

dei på visse premissar kunna gjere begge delar, mens det i nokre samanhengar har føregått forkynning og sakramentforvaltning utan klare fullmakter.

Ein viktig intensjon bak dette dokumentet er såleis å prøve å sikre ein lik praksis i dei sameinte lutherske kyrkjene i Tyskland, samstundes som ein vil prøve å bøte på den aktuelle nødssituasjonen.

I forordet blir det gjort greie for den til dels konfliktfylte prosessen som ligg bak tilrådinga. Forslag frå to ulike teologiske utval i 2002 og 2004 vart avviste av biskopskonferansen i VELKD som for restriktive eller utilstrekkelege. Biskopane ønskte særleg svar på dette spørsmålet: Korleis kan vi i dag utforme eit kall ut frå CA 14?²⁰ Denne teksten vart så vedteken av biskopskonferansen i 2006 og gjort offentleg tilgjengeleg same året, med eit forord av den leiande biskopen i denne konferansen.

I dette forordet kan vi òg lese om dei punkta som har vore særleg omstridde i prosessen fram til det dokumentet som til slutt vart vedteke, og det er rimeleg at det i det tyske, lutherske, teologiske miljøet framleis eksisterer spenningar omkring desse punkta. Usemja skriv seg i stor grad frå det faktumet at den nemnde formuleringa i CA 14, på norsk ”retteleg kalla”, i dei tyske lutherske kyrkjene historisk sett har vore tolka som ei tilvising til ordinasjon.

Tre viktige spørsmål melder seg når ein no ønskjer å fremje ei anna forståing av CA 14:

- Inneber ikkje dette at ein situasjonsprega pragmatisme får større vekt enn teologisk refleksjon?
- Er det ikkje ei betre løysing å ordinere slike som alt er i ei ordna forkynnarteneste?
- Kva med dei økumeniske relasjonane og dei avtalane og studieprosjekta som alt finst i høve til den romersk-katolske kyrkja, den anglikanske kyrkja og andre kyrkjer?

Teksten i ”*Ordnungsgemäss berufen*” søkjer å gi svar på dei to første spørsmåla, mens ein berre i liten grad kjem inn på det tredje.

Innhald og hovudpunkt i tilrådinga ”Ordnungsgemäss berufen”

Det dreier seg om eit omfattande dokument som er prega av kortfatta og konsentrert teologisk refleksjon. Sjølv om det må føre til forenklingar, vil presentasjonen derfor konsentrere seg om dei heilt sentrale spørsmåla.

I innleiinga²¹ blir den aktuelle bakgrunnen for tilrådinga skissert, samstundes som det blir gitt ei skisseprega oversikt over dei spørsmåla som vil bli tekne opp i dei ulike delane av dokumentet. Her vedgår ein ope at ein av finansielle grunnar no er nøydd til å redusere talet på fulltidstilsette prestar, og at dette må få konsekvensar for forståinga av embetet og av ordinasjonen. Eit viktig spørsmål handlar derfor om å avklare forholda omkring dette at leke predikantar og kyrkjelydspedagogar tidvis må overta det fulle eller delar av det pastorale ansvaret for ein kyrkjelyd.

²⁰ ”Wie kann heute eine Berufung nach CA XIV ausgestaltet werden?”

²¹ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:2–4, del I.

Vidare må ein spørje etter korleis ein kan gjere seg bruk av personar med ei teologiutdanning av lågare grad som ikkje kan eller vil gå inn i ei tradisjonell presteteneste. Til slutt nemner ein òg behovet for å avklare eit regelverk for ordinasjon av fullt utdanna teologar til ei teneste på frivillig, ulønt basis.

I eit teologisk perspektiv må dei spørsmåla som blir reiste her, leggjast til rette i spenninga mellom det allmenne prestedømmet og ”det offentlege forkynnarembetet”. På den eine sida blir det sagt at det allmenne prestedømmet, som er så grunnleggjande for luthersk ekklesiologi, ikkje har fått sin rettmessige plass verken når det gjeld læra om embetet eller i den kyrkjelege praksisen. Presteembetet har her fått dominere, ofte på problematisk vis. På den andre sida held ein fast på at det, ifølgje skrift og vedkjenning, finst eit guddommeleg innstifta forkynnarembete som ikkje er tiltrudd alle kristne, og som derfor heller ikkje kan avleiast av det allmenne prestedømmet.

Når ein så skal prøve å leggje til rette dei nemnde spørsmåla, må dette skje ved at ein grip attende til læregrunnlaget for dei reformatoriske kyrkjene i skrift og vedkjenning. Dette inneber at ein godtek Skrifta som den avgjerande målestokken for alle teologiske utsegner, også kyrkjelege vedkjenningsutsegner.

I innleiinga blir det òg understreka, noko som er eit hovudpoeng i den avsluttande delen av tilrådinga, at forholdet mellom det allmenne prestedømmet og embetet i dag må sjåast i lys av dei aktuelle og endra samfunnsforholda kyrkja no står overfor. Tolkinga av CA 14 må såleis også komme i samklang med dette.

Etter eit kort avsnitt om det ekklesiologiske grunnlaget, der ein peiker på kor viktig tenesta med ord og sakrament er for kyrkjelyden sitt liv i verda, blir forholdet mellom det allmenne prestedømmet og det offentlege forkynnarembetet teke opp i eit hovudavsnitt.²²

I gjennomgåinga av det bibelske grunnlaget for det allmenne prestedømmet blir det understreka at den gammaltestamentlege prestetenesta er avskaffa gjennom Jesu Kristi eine og definitive offer (Heb 9,12; 10,2–10), slik at alle truande no har den same retten til ”å gå inn i heilagdommen” (Heb 10,19). I tråd med vanleg luthersk tankegang blir det så her vist særleg til 1. Pet 2,5 og 9 for å innhaldsbestemme den nytestamentlege prestetenesta: det å bere fram åndelege offer til Gud og å ”forkynne storverket hans”.²³

Når det gjeld tilløp eller spirer til embetsstrukturar i Det nye testamentet (NT), blir det vist til at Jesus kallar dei tolv, men også til det at ein større krins av menn og kvinner vart tekne inn i hans teneste med proklamasjonen av at Guds rike skulle komme. Her ligg det ei tilknytning til dei tenestene som voks fram etter påske. I Pauls undervisning om nådegåvene i 1. Kor 12 og Rom 12 ligg det som ein føresetnad at alle tenester som tener til å byggje opp kyrkjelyden som Kristi lekam, er gåver frå Gud. I listene over dei ulike nådegåvene skimtar det òg fram ei tenesteordning som blir stilt i ein viss motsetnad til dei meir ukontrollerte verknadene av Den heilage ande.²⁴ Ein meir utvikla tenestestruktur ligg føre i Pastoralbrevna (1. og 2. Tim og Tit), der ein òg finn ei

²² ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:5–15, del 3.

²³ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006 :7.

²⁴ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:8.

overdraging av tenester ved handspålegging (1.Tim 4,14), men utan at ein kan tale om ein embetsnåde.

På bakgrunn av det bibelske materialet og med tilvising til korleis Martin Luther tolkar dette, trekkjer ein denne konklusjonen om prestenesta i den nye pakta: I kraft av Kristi verk er dei klassiske funksjonane til ein prest i bibelsk forstand no overførte på alle kristne: Det å bringe seg sjølv fram som offer og å gå i forbønn, så vel som å undervise og lære, å tilgi synder, å døype, å forrette nattverd og å vurdere læreutsegner, er ei sak for alle kristne.²⁵ Når det gjeld ein bestemt embetsstruktur, finst dette ikkje i NT. Men dette at den oppstodde grunnla ei kyrkje, måtte nødvendigvis leie til ei forkynning av evangeliet til oppbygging og styrking av dei truande.

Den reformatoriske forståinga av presteomgrepet blir utdjupa og ført vidare.²⁶ Gjennom rettferdigginginga ved tru har alle kristne fått del i ei presteleg teneste, og det finst derfor inga geistleg fullmakt, heller ikkje fullmakta til ei teneste med ord og sakrament, som kan fråskrivast ein truande. Denne prestenesta skal vere prega av ei tenande haldning overfor medmenneske i forbønn, forkynning og sjelesorg. I reformatorisk teologi er denne prestenesta kalla "den allmenne prestenesta", "prestenesta til alle dei truande" eller "prestenesta til alle dei døypte", idet det er gjennom dåpen ein kristen blir innvigd til henne. Når det gjeld utøvinga av denne tenesta, skil ein likevel mellom ein privat og ein offentleg sfære. I den private sfæren, til dømes i heimen, kan denne tenesta utøvast med bønn, forkynning og undervisning, sjelesorg og skriftemål av alle kristne. Men i den offentlege forsamlinga i ein kyrkjelyd krevst det at den prestelege tenesta med ord og sakrament, som kvar einaste kristen i prinsippet kan gjere, blir utførte av personar som er retteleg kalla til det.²⁷ Desse utfører da denne tenesta på vegner av og til beste for alle. Men også i den offentlege sfæren har alle kristne rett og plikt til å prøve det som blir lært.

Framstillinga går så meir inngåande inn på den reformatoriske forståinga av det embetet som blir overgitt eller overført gjennom ei bestemt ordning.²⁸ Her blir det understreka at Martin Luther i heile sin teologiske forfatterskap frå 1520 av heldt fast på to linjer i tenkinga si. Samstundes med at han framheva den retten og plikta kvart kristenmenneske har til å tene som prest og med ansvar for forkynninga av evangeliet, avviste han at alle truande eigenmektig kan ta seg rett til ei utøving av presteleg teneste i det offentlege rommet. Forkynninga av evangeliet må nødvendigvis også skje offentleg, og dette er eit ansvar for heile kyrkjelyden. Og det må skje ved einskildpersonar. Men ingen kan ut frå seg sjølv eller ut frå ein autoritet ein meiner at ein har, ta til seg denne retten. Skal den offentlege forkynninga vere truverdig, må ho skje ved einskildpersonar som er kalla av alle.²⁹ Dette er poenget med den ordninga som det blir gjort greie for i CA 14, der eit kristenmenneske, gjennom bønn og handspålegging, får overdrege retten og plikta til offentleg forkynning. Samstundes blir det her igjen understreka at det ikkje er denne overdraginga som gir frelsesmidla sin verknad. Den guddommelege innstiftinga av embetet ligg i innstiftinga av frelsesmidla sjølv, og desse kallar no på eit embete for å bli forretta på vegner av kyrkjelyden. Slik blir det ingen motsetnad mellom det allmenne prestedømmet og embetet. Desse står i eit organisk forhold til

²⁵ "Sich selbst zum Opfer zu bringen, Fürbitte leisten sowie zu lehren und zu predigen, Sünden zu vergeben, zu taufen, das Abendmahl zu halten und über alle Lehre zu urteilen, ist Sache aller Christen", "Ordnungsgemäss berufen" 2006:9.

²⁶ "Ordnungsgemäss berufen" 2006, del 3.2 og 3.3:9–12.

²⁷ "Ordnungsgemäss berufen sind".

²⁸ "Ordnungsgemäss berufen" 2006:12–14, i del 3.4.

²⁹ "durch Einzelne ausgeübt werden, die dazu [...] von allen berufen sind".

kvarandre, og embetet forvaltar, i den offentlege og overindividuelle dimensjonen til kyrkja, det forkynnaroppdraget som er gitt alle kristne. Som ein hovudkompetanse hos ein som skal få overdrege dette embetet, blir det her nemnt evne til teologisk skriftutlegging.

Ei enda nøyare presisering av den reformatoriske teologien til forholdet mellom embetet og det allmenne prestedømmet blir også gitt med tanke på ei aktuell tilrettelegging.³⁰ Eit viktig poeng her er at både embetsberarar og personar i det allmenne prestedømmet er underordna den frelsande krafta som blir formidla gjennom nådemidla. Denne krafta ligg ikkje hos noko menneske, men hos Den heilage ande som fritt nyttar ytre middel (CA 8 og 5). Det er retten til og oppdraget med den offentlege forkynninga og sakramentsforvaltninga som er overdregne ved det ordna kallet av embetsberarar. Av dette gir det seg også at personar i det allmenne prestedømmet ikkje ut frå ein eigen impuls kan ta til seg retten til ei offentleg teneste. Men éi presteleg teneste vil alltid stå fast for alle: retten og plikta til å prøve læra også i det offentlege rommet. Det blir her peikt på at ein i den seinare lutherske tradisjonen har innskrenka denne viktige vektlegginga i reformatorisk teologi, ved at kyrkjelydane no har lite høve til ei kritisk prøving av forkynninga til biskopar og andre embetsberarar.³¹

Med tanke på den aktuelle situasjonen til kyrkja i vår tid blir det vist til utsegner hos Luther om det allmenne prestedømmet i funksjon i nøds- og misjonssituasjonar. I slike situasjonar kan alle kristne fungere med forkynning og sakramentsforvaltning. Men også her må det skje på vegner av kyrkjelyden slik at ikkje einskildpersonar eignar til seg ei slik teneste.

I dokumentet blir det så fokusert på det aktuelle spørsmålet om korleis forkynnaroppdraget til kyrkja kan leggjast til rette innanfor rammene av dei vilkåra som ligg føre i samtida.³² Det blir da hevda som ein viktig føresetnad at den reformatoriske ”grunnmodellen” av kyrkja ikkje berre representerer det bibelske vitnesbyrde på ein god måte, men at han òg er berekraftig og aktuell for vår tid. Ikkje minst gjeld dette tilrettelegginga i reformasjonstida av forholdet mellom det allmenne prestedømmet og eit offentleg embete. Men ikkje desto mindre representerer vår tid endra vilkår og nye utfordringar som må få konsekvensar for dette forholdet. For å kunne ta høgde for desse endra vilkåra innfører tilrådinga ein distinksjon mellom sjølv den ”saka” det dreier seg om i vedkjenninga, og dei formuleringane som i reformasjonstida vart nytta for å uttrykkje dette. Oppgåva i vår tid må vere å leggje til rette dei best moglege vilkåra for at forkynnaroppdraget til kyrkja kan oppfyllast. Og sjølv om overdraginga av den offentlege forkynninga i reformasjonstida var knytt til ordinasjonen, må vi i dag spørje om sjølv oppgåva, det å kommunisere evangeliet, kan gi grunnar til å vike av frå praksisen i reformasjonstida – men utan at ein oppgir sjølv saka i CA 14.

Dei utfordringane som ligg i dei endra vilkåra i vår tid, blir deretter skisserte.³³ Svært summarisk blir det peikt på desse forholda:

³⁰ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:14–15, del 3.5.

³¹ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:15.

³² ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:16–24, del 4.

³³ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:16–17, del 4.1.

- Vår tid er mykje meir kompleks og mangfaldig. Dette gjeld også typen av kyrkjelege tenester. Det er ei stadig utfordring å leggje til rette forholdet mellom ulike nivå av tenester, både lønte og frivillige.
- Høvet til utdanning er i dag mykje større for breie lag av befolkninga, noko som inneber at mange kristne kan ha kvalifikasjonar for ulike kyrkjelege oppgåver.
- Ein grunnleggjande kunnskap om den kristne trua og eit fortruleg forhold til ulike kyrkjelege handlingar står i dag i fare for å gå tapt også blant menneske som kjenner ei tilhøyrse til kyrkja.
- Pluraliteten i samfunnet og dei mange utdanningstilboda har ført til større fridom, men også til tap av ei klar orientering. Dette gjeld også mange som har embete i kyrkja. Også for desse har oppgåvene ofte vorte uklare.
- Ulike grupper av kristne, både i einskildkyrkjelydar og på tvers av fleire, sluttar seg i dag saman på eige initiativ og med målsetjingar som kan stå i eit spenningsforhold til dei kyrkjelege institusjonane.
- Mange stader har dei kristne i dag komme i ein minoritetssituasjon, det å vere kristen er ikkje lenger noko sjølvstøtt, og den rolla kyrkja spelar i det offentlege rommet, har endra seg.
- Den demokratiske sjølvforståinga som er utvikla i samfunnet, blir av somme brukt som ein tolkingsmodell for det allmenne prestedømmet. Dette gir ei utfordring til å tenkje igjennom det allmenne prestedømmet, men det kan også vere ein fare for at dette blir skildra i framande kategoriar.

I denne situasjonen er det behov for å oppmuntre til ei frimodig kristen teneste i kraft av det allmenne prestedømmet både i kvardagslivet og i samfunnet, og for å tenkje igjennom på ny kva det kan ha å seie for oppdraget til kyrkja. Samstundes må også berarar av det kyrkjelege embetet få hjelp til ei klarare forståing av oppgåvene og rollene sine. Begge desse tinga er tvingande nødvendige for ei tids- og saksvarande oppfyljing av forkynningsoppdraget til kyrkja.

I tilrådinga blir det så sett søkjelys på det offentlege forkynnarembetet i lys av dei endra vilkåra i vår tid.³⁴ Her blir det for det første understreka at det offentlege forkynnarembetet i reformatorisk teologi er eitt embete. Det blir overgitt av kyrkja, som regel ved ein biskop, gjennom bønn, handspålegging og påkalling av Den heilage ande. For det andre avgrensar ein seg overfor den tanken at det først er gjennom denne handlinga at ein kristen blir sett i stand til å forkynne og forvalte sakramenta. Denne "evna"³⁵ har alle kristne på ein grunnleggjande måte. Det blir altså ikkje formidla nokon istandsetjande "vere- eller personkvalitet",³⁶ men det dreier seg om ei overgiving av sjølv det oppdraget å forkynne Ordet offentleg og å forvalte sakramenta, følgd av ein lovnad om nærværet og velsigninga til Den heilage ande. For det tredje blir det framheva at både kyrkja og samfunnet elles har rett til å forvente av slike som dette embetet er overgitt til, at dei er prega av ein livsstil som svarer til det oppdraget dei har fått.

I tida etter reformasjonen har det likevel skjedd ei differensiering av dette embetet i ulike definerte og ofte avgrensa oppgåver. Det er denne faktiske differensieringa som har ført til at ein i dag skil

³⁴ "Ordnungsgemäss berufen" 2006:17–21, del 4.2.

³⁵ "Fähigkeit".

³⁶ "Seinsqualität".

mellom ordinasjon og eit oppdrag med fullmakt.³⁷ Ordinert blir dei som skal inn i ei heiltidsteneste i ein lokal kyrkjelyd eller ei meir omfattande kyrkjeleg eining. For dei gjeld det inga tidsavgrensing, og ein går ut frå at heile livet deira skal vere prega av oppdraget.

Andre personar som det offentlege forkynnarembetet blir overgitt til, får eit oppdrag med fullmakt. Desse gjer teneste innanfor eit avgrensa område, forkynning, gudstenesteleiing osv., gjerne også med ei tidsavgrensing. Også for dei blir oppdraget gitt innanfor ramma av ei gudsteneste og med handspålegging og forbønn. Fordi oppgåvene er ulike, blir det sett ulike krav til kompetanse. For ordinasjon krevst det eit omfattande og nærmare presisert teologistudium. Men også for ei teneste med fullmakt er det krav om ein teologisk kompetanse som svarer til det aktuelle oppdraget. Ein slik kompetanse bør ein så utvikle meir gjennom vidareutdanning.

I den aktuelle situasjonen for medlemskyrkjene bør ein no freiste å samordne og skape heilskaplege ordningar ut frå dei ulike predikantordningane som finst. For det første må ein prøve å klargjere føresetnadene for eit oppdrag med fullmakt, slik som utdanning, alder, utrusting, kyrkjeleg interesse og tilsyn. Og for det andre må ein leggje til rette eins liturgiske ordningar for overgivinga av oppdraget og dessutan klare regelverk om forpliktingar, vedkjenningsgrunnlag og konkrete tenesteinstruksar.

Avslutningsvis avgrensar ein eit slikt oppdrag med fullmakt frå ulike andre tenestegrupper som kan ha oppgåver i ei gudsteneste, slik som kantorar, diakonar og kyrkjelydspedagogar. Desse har ikkje del i den offentlege tenesta med Ordet, så sant dei ikkje som einskildpersonar har fått eit spesielt oppdrag med fullmakt.

Eit eige avsnitt³⁸ tek for seg dei nye formene for kyrkjeleg leiing, som har vakse fram på 1900-talet, og som inneber ei omfattande forvaltning av økonomi og rettslege forskrifter. Her må det eit omfattande samarbeid til mellom personar som verkar i kraft av det allmenne prestedømmet, og ordinerte med teologisk kompetanse.

Det blir så gitt ei oversikt over område av livet i kyrkjelydane der alle kristne kan vere engasjerte.³⁹ Det offentlege forkynnarembetet i CA 14 har vorte innstifta for å tene det allmenne prestedømmet, og dette vil kunne vise seg i måten mange ulike oppgåver i kyrkjelyden blir overdregne på til kompetente lekfolk. Desse vil kunne gjere livet i kyrkjelydane rikare ved at dei er engasjerte i barnegudstenester, besøksgrupper, ungdoms- og eldrearbeid, gudstenesteførebuing, skriftlesing og deltaking i nattverdsutdeling. Eit område der personar i kraft av det allmenne prestedømmet vel kan involverast meir enn det som no er vanleg, er i sjelesorg.

Samstundes blir det understreka at ein klart må markere ein skilnad mellom dette mangfaldige engasjementet i livet i kyrkjelydane på basis av det allmenne prestedømmet og tenester som blir utførte etter oppdrag med fullmakt.

³⁷ "Beauftragung".

³⁸ "Ordnungsgemäss berufen" 2006:21–22, del 4.3.

³⁹ "Ordnungsgemäss berufen" 2006:22–23, del 4.4.

Spørsmålet om ordinasjon til ei frivillig, ulønt teneste blir også teke opp.⁴⁰ Sjølv om dette bryt med ein viss tradisjon i kyrkja som knyter ordinasjon til ei kyrkjeleg heiltidsstilling, har fleire av medlemskyrkjene alt ein praksis der personar med fullført teologisk utdanning og eit kyrkjeleg engasjement kan ordinerast til ei slik teneste. Dette blir tilrådd som felles ordning der det er mogleg å leggje til rette for ei teneste som kan kombinerast med ei lønt teneste i ein annan samanheng.

Når det gjeld personar med ein lågare teologisk kompetanse, til dømes slike som berre har gjennomført første del av eit teologistudium, vil ein ikkje ordinere desse. Eventuelt kan dei kvalifisere seg for ei teneste med fullmakt og på sikt fullføre studiet sitt med tanke på ordinasjon.

Heilt til slutt drøftar ein forholdet mellom fulltidsstillingar, deltidsstillingar og ulike former for frivillig, ulønt teneste.⁴¹ Her blir det understreka at utfordringane i samfunnet i dag vil krevje at ein i framtida ikkje berre tenkjer seg dei to løysingane: fulltidsteneste og frivillig, ulønt teneste. Ein må òg tenkje seg ei rekkje ulike kombinasjonar av deltidsstillingar, også ved at personar i presteneste kan fungere i andre former for lønte stillingar. Likevel må det vere eit hovudpoeng for kyrkja å halde fast på at ”dei som forkynner evangeliet, skal leva av evangeliet” (1. Kor 9,14), og at det er av svært stor verdi for kyrkja å ha mange teologisk kvalifiserte prestar som kan bruke all si arbeidskraft i teneste for kyrkja.

Avsluttande refleksjonar

Denne tilrådinga, ”*Ordnungsgemäss berufen*” vart offentleggjort i november 2006 og rår til ein praksis som alt finst i somme av medlemskyrkjene. Ein viktig intensjon er såleis å leggje til rette for ein lik praksis innanfor VELKD. Denne intensjonen ser ikkje ut til å vere omstridd. Den usemja som kjem fram i diskusjonen i den tyske kyrkjelege og teologiske konteksten, går meir på dei teologiske føringane og på forståinga av ordinasjonen, jamfør Nordhaugs artikkel.⁴² Vi går her ikkje inn på denne debatten, men vil likevel prøve å tydeleggjere den teologiske argumentasjonen som ligg bak dei konkrete tilrådingane som blir gitt.

Til spørsmålet om historisk pragmatisme har fått forrang framfor teologisk refleksjon, blir det hevda at CA, i dette tilfellet artikkel 14, må lesast i eit kontekstuellet perspektiv. Det er det som i eit teologisk studium heile tida skjer med Skrifta, og som er noko av grunnen til at ein i den tyske tradisjonen held fast på evne til teologisk skriftutlegging som ein hovudføretnad for ordinasjon. Dei endra historiske forholda i vår tid må derfor få konsekvensar for korleis CA 14 blir lagd til rette i dag.

Når det gjeld spørsmålet om ein ikkje like godt kan ordinere alle som i dag med eller utan fullmakt fungerer med offentleg forkynning og/eller sakramentforvaltning, blir dette avvist av to hovudgrunnar. Den første grunnen kjem klart fram i tilrådinga, nemleg det idealet at ordinasjon til presteneste krev ein høg teologisk kompetanse. Den eventualiteten at personar utan høg kompetanse likevel kunne ordinerast, men så ved hjelp av ein tenesteinstruks får eit avgrensa verkeområde som svarer til kompetansen deira, er implisitt avvist ved den sterke understrekinga av at det offentlege forkynnarembetet er eitt embete. Den andre grunnen er altså at ein ikkje kan

⁴⁰ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:23–24, i avsnitt 4,5.

⁴¹ ”*Ordnungsgemäss berufen*” 2006:24, del 4.6.

⁴² Nordhaug 2008:6–7.

ordinere nokon til dette eine embetet, og så nekte dei å utføre noko av det som er typisk for dette embetet. For å unngå dette dilemmaet har ein så valt å tolke CA 14 slik at denne opnar for å gi eit kall med fullmakt til å utføre nokre av dei oppgåvene som ifølgje tradisjonen er lagde til embetet. Til skilnad frå ein vanleg ordinasjon vil eit slikt kall med fullmakt vere avgrensa både tidsmessig og med tanke på konkrete funksjonar. Dessutan blir det utført under tilsyn av ein prest.

Spørsmålet om kva denne distinksjonen vil få av konsekvensar for VELKD's økumeniske relasjonar, er noko som må avklarast i tida framover.

3.3 OLM og OB – ei oppsummerande samanlikning

CofE og medlemskyrkjene i VELKD har valt to ulike modellar for å skaffe tilstrekkeleg med pastoral teneste til lokale kyrkjelydar i ei tid som både økonomisk og personalmessig er pressa. CofE har valt full ordinasjon også av personar som skal utøve ei avgrensa og nærmare instruksfesta, assisterande presteneste på frivillig, ulønt basis. Også innanfor denne kyrkja sjølv er det røyster som hevdar at dette går på akkord med einskapen og det allmenne ved det ordinerte embetet. Kyrkjene i VELKD har valt å reservere ordinasjon for personar med full teologisk utdanning, mens personar med lågare kompetanse, og som skal utføre ei slags assisterande presteneste anten på frivillig eller lønt basis, kan få gjere dette etter ei nærmare spesifisert fullmakt. Det verkar klart at det også innanfor desse kyrkjene er klare motførestellingar mot ein slik distinksjon.

Etter vår meining er det faktorar i den litt ulike tradisjonen i desse kyrkjene som kan forklare noko av denne skilnaden:

- I den anglikanske tradisjonen, som er episkopal, er det vanskeleg å akseptere at personar utan presteordinasjon kan forvalte sakramenta.
- I den anglikanske tradisjonen spelar også teologisk utdanning ei viktig rolle, men dette blir i mykje høgare grad vege opp mot ei heilskapsvurdering av kandidatar til presteneste, der anna utdanning og livserfaring, menneskelege og åndelege aspekt og erfaring frå aktivt engasjement i kyrkjelydsliv spelar ei viktig rolle.
- I den tyske lutherske tradisjonen, slik dokumentet ”*Ordnungsgemäss berufen*” viser, blir i høg grad det allmenne prestedømmet framheva som sjølv fundamentet for all teneste, også den ordinerte, i ein kyrkjelyd. Dette ser ut til å gjere det enklare i ein luthersk kontekst å akseptere at personar som ikkje er vigsla eller ordinerte, i bestemte situasjonar kan forvalte sakramenta.
- I luthersk tradisjon har den akademiske, teologiske skoloringa vore rekna som den viktigaste kompetansen for presteneste. Dette gjer det vanskeleg å akseptere at personar utan det som blir oppfatta som tilstrekkeleg teologisk kompetanse, kan ordinerast.

3.4 Aktuelle konsekvensar for situasjonen innanfor Dnk?

Mandatet for denne utgreiinga er å vurdere sterke og svake sider ved desse to nemnde ordningane og eventuelt på denne bakgrunnen å skissere liknande ordningar eller modellar til bruk i norsk

samanheng. Særleg er det aktuelt å sjå på om det er mogleg å opprette ei stilling som ungdomsprest/ungdomspastor på andre premissar enn det som i dag gjeld for ordinert teneste. Som det er peikt på i innleiinga, er vi ikkje overtydde om at desse to problemstillingane har så mykje med kvarandre å gjere, men vil likevel i neste hovuddel drøfte spørsmålet om leiarskap i Dnks ungdomsarbeid – med særleg blick på tenesta med ord og sakrament.

Som utgreiinga ovanfor viser, er det både i den engelske og den tyske situasjonen særleg eit visst økonomisk press som har ført til at ein har sett seg om etter løysingar med pastoral teneste som er mindre økonomisk krevjande for kyrkjene. Da desse ordningane først vart introduserte, verka det som faren for mangel på kandidatar til tradisjonell presteteneste var større i England enn i Tyskland. Når det gjeld den engelske OLM-tenesta, har mange bispedømme innanfor CofE no lang erfaring. Sjølv om det framleis eksisterer ei viss usemje omkring denne tenesta, ser ho mange stader ut til å fungere svært godt.

Den tyske ordninga er av nyare dato, samstundes som ho vel formaliserer ein praksis som i lengre tid har vore i funksjon i fleire landsdelskyrkjer. Usemja om OB-ordninga i dei tyske lutherske kyrkjene ser derfor først og fremst ut til å dreie seg om tolkinga av CA 14 og ordinasjonsteologien. Av ei viss interesse for det vidare arbeidet i norsk samanheng er den kommentaren, av uformell karakter, til OB-tilrådinga som Det lutherske verdsforbundet (LWF) gav i eit brev til VELDK. Hovudsaka i brevet er at ein er redd for at OB-ordninga kan forstyrre den verdsvide fellesskapen både mellom dei lutherske kyrkjene og forholdet til andre økumeniske partnarar.

I brevet blir det innvendt at distinksjonen mellom ordinasjon og eit kall med fullmakt blir introdusert heller brått,⁴³ utan at framstillinga i dokumentet naturleg leier opp til det.⁴⁴ Frå ei anna side sett kan ein seie at den sterke vektlegginga i tilrådinga av det allmenne prestedømmet og dei rettane og fullmaktene som er gitt i og med dette, er tenkt å vere noko av ein basis for denne distinksjonen i ein kyrkjeleg situasjon som både når det gjeld økonomi og personell, nærmar seg ein nødssituasjon. Eit anna spørsmål er om understrekinga av einskapen ved embetet i så stor grad utelukkar spesifikke tenesteinstruksar for ordinerte personar som ein føreset i tilrådinga. Dette blir imøtegått i brevet frå LWF, der det blir hevda at det er betre å differensiere mellom ulike tenesteoppgåver for personar som er ordinerte, enn å føre ei differensiering inn i sjølve ordinasjonsforståinga.

Arbeidsgruppa ser det slik at behovet for nye modellar eller ordningar for presteteneste, eventuelt ulike tenester med spesielle fullmakter, i høg grad er avhengig av vurderinga av den aktuelle kyrkjelege og samfunnsmessige situasjonen i Noreg. Eksisterer det også hos oss noko som nærmar seg ein nødssituasjon for kyrkja på det økonomiske området, eller når det dreier seg om rekruttering til prestestillingar og andre kyrkjelege stillingar? Og er denne situasjonen så alarmerande at han kallar på vilje til ei etter måten radikal nytenking med tanke på framtidig pastoral og anna kyrkjeleg teneste for kyrkjelydane våre? Eller er det slik at sjølve samfunnssituasjonen og dei mange endringane av sosial og kulturell art som skjer rundt oss, i seg sjølv krev nytenking og kanskje nye modellar for kyrkjeleg teneste? Argumentasjonen i den tyske tilrådinga går nettopp inn på dette. Og korleis vil eventuelt slike nye modellar eller ordningar

⁴³ “rather abruptly”.

⁴⁴ Lutheran World Federation 2006:2f.

kunne leggjast til rette og formast innanfor rammene av forståinga innanfor vår kyrkje av ordinasjonen og sakramentsforvaltninga?

Vi er klar over at det innanfor kyrkja kan finnast til dels store skilnader i vurderinga av den aktuelle kyrkjelege og samfunnsmessige situasjonen i kyrkja. Men vi vil nedanfor, i andre delar av utgreiinga, freiste å peike på nokre moment som kan vere sentrale i ei drøfting av dette.

4 Leiarskap i Dnks ungdomsarbeid – med eit særleg blikk på tenesta med ord og sakrament

4.1 Innleiing

Dei siste tiåra har ungdomstida vorte utvida i begge retningar. Biologisk startar ungdomstida tidlegare. Kulturelt blir avslutninga av ungdomstida meir flytande. Dette gjer at ”ungdom” i mange tilfelle blir ei litt utydeleg nemning. Ungdomsarbeid i Dnk har ofte fokusert på tenåringar, i særleg grad på konfirmasjonsfasen og tida etter. Dei siste tiåra har også sjølv konfirmanttida meir og meir vorte tolka som ein del av ungdomsarbeidet til kyrkja. Men i dei seinare åra har fokuset vorte utvida, mellom anna med satsing på aldersgruppa 18–30 år og eit auka medvit om samanhengen mellom konfirmasjonsfasen og tida før denne. Ikkje minst Trusopplæringsreforma har medverka til dette.

Kyrkjeleg ungdomsarbeid er derfor ikkje lenger eit sektorarbeid for spesielt interesserte, men noko som mange i kyrkja vil vurdere som viktig, ja, som heilt avgjerande for notida og framtida til kyrkja. Som ein del av det utgreiingsarbeidet som er knytt til spørsmålet om ordningar for lokal presteteneste i Dnk, skal ein også sjå på korleis (preste-)tenesta i ein spesifikk ”lokal” kontekst, ungdomsarbeidet til kyrkja, best bør organiserast. Som vi viser til i innleiinga, kom det frå ungdomstinget i Agder og Telemark bispedømme i 2008 framlegg om å opprette ein eigen stillingskategori, ”ungdomsprest/ungdomspastor” med formelle kriterium som var knytte til profesjonen. I framlegget bad ein om å ta med i vurderinga om det skulle vere lågare kompetansekrav til ei slik stilling enn til ei vanleg prestestilling. Dette framlegget vart støtta av bispedømmerådet i Agder og Telemark bispedømme. På Kyrkjemøtet 2008 tok ein av komiteane framlegget inn i merknadene sine i samband med at ein viser til vedtak i Kyrkjerådet om å greie ut ei ordning med utgangspunkt i OLM og OB. Som ein del av vurderinga i denne utgreiinga tek vi også opp spørsmålet om denne tilsette ungdomsleiaren/ungdomspastoren eventuelt bør ha avgrensa prestefullmakter, altså fullmakt til å forvalte ord og sakrament, til dømes innanfor eit stad- og/eller tidsavgrensa område, som også kyrkjemøtekomiteen antydar.⁴⁵

Det finst ingen stillingar eller stillingskategoriar i Dnk med eksplisitt ansvar for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Det er likevel mange kyrkjeleg tilsette som er engasjerte i kristent ungdomsarbeid i kraft av stillingane dei har, både diakonar, kateketar, kyrkjelydspedagogar, organistar/kantarar, prestar og trusopplærarar. Særleg gjeld dette i samband med konfirmantarbeidet. I tillegg til dette finst det også i ein del kyrkjelydar tilsette som har eit særskilt ansvar for ungdomsarbeidet, til

⁴⁵ Sjå komitémerknadene punkt 5 i sak KM 4/08.

dømes ungdomsdiakonar, ungdomsarbeidarar eller (barne- og) ungdomsprestar. Ofte er desse arbeidarane lønte heilt eller delvis gjennom innsamla midlar i kyrkjelyden. Det finst også ein del, til dømes studentar, som er tilsette i ulike former for deltidsstillingar med (leiar-)ansvar i ungdomsarbeidet. Men samla sett er dette eit svært uoversiktleg landskap. Mellom dei mange stillingskategoriane som er i bruk i Dnk, er det ingen kategori "ungdomsarbeidar". Det finst heller inga fullstendig oversikt over kor mange tilsette "ungdomsarbeidarar" det er i ulike stillingskategoriar.⁴⁶ Ein del stader vil det også vere tilsette i dei kristne organisasjonane som fungerer som heil- eller deltidstilsette "ungdomsarbeidarar" knytte til ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Ifølgje KAs (Kyrkjeleg arbeidsgivar- og interesseorganisasjon) lønns- og personalstatistikk for 2008 er det tilsett i alt 403 kyrkjelydsarbeidarar i heiltids- eller deltidsstillingar. Kyrkjelydsarbeidar er ei fellesnemning på ulike stillingar i kyrkjelyden innanfor til dømes barne- og ungdomsarbeid, song- og musikkarbeid og eldrearbeid. Slike stillingar blir oppretta med Kyrkjeleg fellesråd som arbeidsgivar, men ofte med soknerådet som initiativtakar. Slike kyrkjelydsarbeidarar blir ofte lønte av midlar som er samla inn i kyrkjelyden. Ein del av desse 403 vil nok vere tilsette med (leiar-)ansvar for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, men det er uklart kor mange det er. I tillegg var det i 2008 68 prestar i KA-området. Ein stor del av desse er truleg (barne-) og ungdomsprestar som er tilsette gjennom fellesrådet.⁴⁷

Når ein no skal vurdere om det bør opprettast ei vigsla stilling som ungdomsprest/ungdomspastor med formelle kriterium – og kanskje også formelle kompetansekrav? – knytte til profesjonen, er det avgjerande at denne vurderinga ikkje berre blir knytt til kva krav og ansvar dei kyrkjelydstilsette kan og skal ha som arbeider med og har leiarskap for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Vurderinga må knytast til korleis Dnk strategisk skal satse på ungdomsarbeid og særleg leiarskap av kristent ungdomsarbeid i framtida, og ein må sjå det i samanheng med andre ordningar for den vigsla tenesta med ord og sakrament.

I det følgjande drøftar vi derfor først dei spesielle utfordringane ungdomsarbeid som er knytt til Dnks kyrkjelydar, står overfor slik situasjonen er i dag. Vi rettar særleg søkjelyset på utfordringar i samband med deltaking og engasjement frå ungdom i gudstenestelivet, sidan ein eventuell ny stillingskategori ut frå sin profil med "ungdomsprest" særleg fokuserer på sakramentsforvaltning og gudstenesteliv. Med utgangspunkt i gjennomgangen av desse utfordringane vil vi teikne opp aktuelle vegval og moglege argument for og mot opprettinga av ei slik stilling.

4.2 Hovudutfordringar for ungdomsarbeidet i situasjonen i dag

Ungdomsarbeidet i kyrkja, som alt kyrkjelydsbyggjande arbeid, har sitt teologiske mandat frå dåps- og misjonsbefalinga: "Då steig Jesus fram og tala til dei: 'Eg har fått all makt i himmelen og på jorda. Gå difor og gjer alle folkeslag til disiplar! Døyp dei til namnet åt Faderen og Sonen og Den heilage ande og lær dei å halda alt det som eg har bode dykk. Og sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står.'"⁴⁸

⁴⁶ Sjå til dømes *Lønns- og personalstatistikk for kirkelige arbeidstakere 2008*, KA Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon.

⁴⁷ Sjå *Lønns- og personalstatistikk for kirkelige arbeidstakere 2008*, KA Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon.

⁴⁸ Matt 28,18–20.

Den treeinige Gud skaper kyrkja der menneske samlar seg om ord og sakrament og høyrer kallet til eit nytt liv i Kristus, til eit liv i tru og teneste. Ungdomsarbeidet i kyrkja er der for at også ungdom skal få møte dette kallet, få del i denne trua og mognast i henne. Derfor er kyrkjeleg ungdomsarbeid etter sitt vesen misjonalt, ein del av Guds misjon i verda, for å involvere stadig fleire menneske (i dette tilfellet ungdom) på stadig fleire stader, i Guds gjerning i verda.

I eit historisk og sosiologisk perspektiv er kristent ungdomsarbeid i Noreg ein aktør i fritidssamfunnet som marknadsøkonomien i etterkrigstida skapte. Etter den andre verdskrigen hadde den vestlege marknadsøkonomien ”behov” for å utvikle nye kjøpargrupper. Utviklinga av ein eigen, distinkt ungdomskultur er tett knytt til dette. Fritidssamfunnet, som den moderne ungdomskulturen er ein del av, inviterer til eit marknadsorientert samspel mellom struktur og individ, der også sosial bakgrunn har ei viktig rolle.

På denne marknaden er det eit styrande prinsipp at deltakaren har eit fritt val. Kyrkja og dei kristne organisasjonane var etter måten tidleg ute med å opptre som profesjonelle aktørar på denne marknaden, mellom anna gjennom å lønne eigne arbeidarar som jobba spesifikt inn mot å utvikle fritidstilbod til barn og unge i regi av kyrkjelyden eller kristne organisasjonar. I ungdomsarbeidet i ein del kyrkjelydar og nokre kristne barne- og ungdomsorganisasjonar var ein òg tidleg ute med å nytte ungdomskulturelle uttrykk i fritidstilboda – særleg i samband med musikkformer. Etter kvart har stat og kommune og idrettslag og andre frilynde lag styrkt rolla si som profesjonelle aktørar på fritidsmarknaden – gjennom fleire lønte medarbeidarar, til dømes gjennom SFO, kommunale ungdomsklubbar, kulturskular og halvprofesjonelle trenarar i barne- og ungdomsidrett. Etter kvart har fritidssamfunnet i Noreg vorte gjennomorganisert. Her skil Noreg seg ut, også i europeisk samanheng. Dei seinare åra har rett nok heimen vorte viktigare som fritidsarena, og dette kan til ein viss grad tolkast som ein protest mot denne gjennomorganiseringa av fritidsmarknaden. Når det gjeld den saka vi drøftar her, er det særleg viktig å leggje merke til at den frivillige innsatsen på fritidsmarknaden har endra seg radikalt i den same perioden. Meir og meir har profesjonelle aktørar teke leiinga over fritidsaktivitetane til dei unge. Frivillig innsats i ungdomsarbeid, som for dei fleste ser ut til å ha ein radikalt kortare tidshorisont, blir ofte kanalisert og organisert av dei same lønte aktørane.

I eit kristent ungdomsarbeid organiserer ein, ofte umedvite, arbeidet sitt som eit tilsvar på dei marknadsstyrte premissane i fritidssamfunnet. Gjennom medium og reklame dyrkar den moderne ungdomskulturen myten om den lidenskaplege ungdommen, om sterke kjensler, utprøvande opprør og intense fellesskapar. Litt forenkla kan det sjå ut som kristent ungdomsarbeid i etterkrigstida bruker to hovudstrategiar for å handtere dette, anten ved å ”digge” ungdommeleg lidenskap gjennom å tilby kristent ungdomsarbeid som ei form for kristen ekstremisport eller ved å disiplinere ungdommeleg lidenskap gjennom å tilby kristent ungdomsarbeid som ein stad der ein får del i solide verdiar og kan lære seg fornuftige ting. I mange tilfelle vil kristent ungdomsarbeid fungere meir som ei blanding av desse to strategiane – til dømes natt-cup for konfirmantar som ein del av eit elles trygt og tradisjonelt konfirmasjonsopplegg.

Dei siste tiåra har rammene for kristent ungdomsarbeid i Noreg endra seg markant. Nokre hovudpunkt er det særleg viktig å leggje merke til:

- Færre ungdommar har vakse opp i heimar eller familiar som har gitt dei del i kristen oppseding og erfaring med kva det vil seie å vere ein del av ein truspraktiserande fellesskap.
- Skulen er ikkje lenger arena for trusopplæring.
- Færre ungdommar har kontakt med organisert kristent ungdomsarbeid.
- Og som nemnt: Fritidsmarknaden er profesjonalisert, og det frivillige bidraget har endra form og tidshorisont.

Til saman har dette ført til at dei erfaringane ungdom får med kristent ungdomsarbeid, særleg gjennom konfirmasjonstida, ser ut til å bli enda meir avgjerande enn før.

Sjølv om nokre kristne barne- og ungdomsorganisasjonar har opplevd vekst dei siste tiåra, har talet på aktive deltakarar i kristent barne- og ungdomsarbeid i regi av kristne barne- og ungdomsorganisasjonar gått markert ned dei siste 20–30 åra. Noko av dette skuldast endring i registreringsrutinar. Det er vanskeleg å fastslå talet på aktive deltakarar i ulike former for kristent ungdomsarbeid i Noreg heilt nøyaktig, men mykje tyder på at det ligg ein stad rundt 7–10 prosent i aldersgruppa 14–18 år. Dette er omtrent på nivå med tilsvarande tal for det evangeliske ungdomsarbeidet i Tyskland.⁴⁹

Av fleire grunnar har kristent ungdomsarbeid i Noreg dei siste tiåra meir og meir vorte ungdomsarbeidet til kyrkjelyden. Kyrkja og kyrkjelydane har vorte styrkte som strukturell hovudramme for kristent ungdomsarbeid, mens dei kristne barne- og ungdomsorganisasjonane meir enn før har vorte vare- og tenesteleverandørar av til dømes leirar, leiartreningsprogram, programidear og anna med økonomisk støtte per medlem. Trusopplæringsreforma har også styrkt kyrkja som aktør i kristent ungdomsarbeid overfor organisasjonane, ikkje minst økonomisk ved tilførsel av nye stillingsressursar.

Dnk blir utfordra til å forme eit kyrkjelydsliv som kan gi rom for fleire aktivt deltakande ungdommar og unge vaksne. Etter nokre år med ei viss stabilisering ser det ut til at dåpstal og konfirmasjonstal igjen er på veg nedover. Under 65 prosent av årskullet blir no konfirmerte. Ein del av dette skuldast demografiske endringar i samband med innvandring av menneske med ein annan religiøs bakgrunn. Men erfaringar frå Sverige viser at ”kurva” kan gå bratt nedover idet ein nærmar seg 50 prosent, og konfirmasjonen blir ikkje lenger oppfatta som ein ”majoritetsrite”. Ei slik utvikling blir særleg kritisk fordi kristent ungdomsarbeid dei seinare åra i aukande grad har brukt konfirmasjonstida som ein slags rekrutteringsbase. Gjennom tiltak som leiartrening for fjorårskonfirmantar og konfirmantopplegg integrert i kontinuerleg ungdomsarbeid har ein prøvd å utvikle konfirmasjonstida som rekrutteringsbase for kristent ungdomsarbeid.

Forsking viser at blant dei unge og dei unge vaksne i dag er det fleire som aldri går til gudsteneste eller religiøst møte enn det var i tidlegare generasjonar.⁵⁰ For dei som går sjeldan til gudsteneste, er det ofte slik at dei gudstenesteerfaringane dei har, blir vurderte positivt, men dette fører vanlegvis

⁴⁹ Sjå til dømes *Ung i Noreg 2002, Jeg tror jeg er lykkelig. Ung tro og hverdag og Jugendliche als Akteure im Verband*, Opladen, Denne sist nemnde boka tek utgangspunkt i Berlin-studien frå 2006, som fann at 10,1 prosent av alle ungdommar i Tyskland har hatt meir eller mindre jamn kontakt med ein eller annan protestantisk ungdomsorganisasjon.

⁵⁰ Sjå til dømes Høeg, Hegstad, Winsnes 2000:43.

ikkje til auka interesse for å oppsøkje denne gudstenestefellesskapen att. Dei som går ofte til gudsteneste, ser stort sett ut til å vere dei same som deltek aktivt i ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. Dei siste tiåra har det både i lokale kyrkjelydar, frå sentralkyrkeleg hald og gjennom forsamlings- og fellesskapsarbeidet til ein del av dei kristne organisasjonane vore ei uttalt satsing på å engasjere fleire ungdommar i ulike former for gudstenesteliv. Dette er noko av bakgrunnen for den pågåande liturgireforma og har også mellom anna ført til ei auka interesse for nattverdsfeiringa i kyrkja og for arbeidet med å utvikle alternative liturgiar og nye gudstenesteformer. Litt forenkla kan vi sortere denne satsinga på å inkludere fleire ungdommar i gudstenesta i kyrkja langs to linjer:

- ”Ung Messe-strategien”: Ungdommar blir engasjerte i høgmessa gjennom at høgmessa i førebuing og form opnar for ungdommeleg deltaking og ungdomskultur.
- ”Ungdomsgudstenestestrategien”: Ungdom lagar alternativ messe, gjerne søndag ettermiddag eller kveld.

Kanskje kan også desse to ulike ”gudstenestestrategiane” overfor ungdom lesast ut frå dei to strategiane ungdomsarbeidet i kyrkja har valt for å møte formidlinga i den moderne ungdomskulturen av ungdommar som lidenskaplege: Arbeidet med å inkludere ungdommar i høgmessa er ei form for disiplinering, der ein ønskjer å forme ungdommane i gudstenestetradisjonen i kyrkja, samstundes som ein også vil opne opp for ulike ungdomskulturelle uttrykk. Gudstenestetilbod for ungdom utanfor høgmessetid har derimot oftare preg av å vilje ”digge” den ungdommelege lidenskapen.

I ein del kyrkjelydar kan ein også møte ulike blandingar av desse strategiane. Det som er avgjerande når ein skal vurdere opprettinga av ein stillingskategori ungdomsprest/ungdomspastor, er at denne vurderinga blir følgd av ei heilskapleg, strategisk og ekklesiologisk vurdering av samanhengen mellom ungdomsarbeidet og gudstenestelivet i kyrkjelyden:

- På kva måte bør gudstenestelivet i det framtidige ungdomsarbeidet i Dnk utviklast?
- Kva vigsla (sakramentalt) leiarskap bør denne satsinga bli omslutta av?

4.3 Erfaringar frå andre kyrkjer

Sverige

I Svenska kyrkan er leiinga av ungdomsarbeidet organisert annleis. Her er det den såkalla församlingspedagogen eller kateketen som saman med presten har ansvar for konfirmant- og ungdomsarbeidet i kyrkjelyden. I somme kyrkjelydar har församlingspedagogen hovudansvaret for konfirmant- og ungdomsarbeidet. I andre kyrkjelydar, der församlingspedagogen ikkje har fylt alle utdanningskrav eller kompetansekrav til stillinga, er det ikkje slik. For å bli församlingspedagog krevst det:

- Svenska kyrkans grunnkurs (1 semester).
- Godkjend fagutdanning (til dømes cand.theol., som i Sverige er 4 år, lærar eller fritidsleiar eller liknande).
- Kyrkjelydspraksis under rettleiing i 3 månader.
- 8–10 dagar av bispedømmekurs, såkalla PKV-kurs

- Eittårig profilutdanning eller fagutdanning på folkehøgskule.⁵¹

Församlingspedagogen i Svenska kyrkan har ingen ordinasjon eller vigsel. Det har ofte ført til at kyrkja ikkje kjenner det same ansvaret for pedagogen som for presten eller diakonen. Dei som utdannar seg til pedagog, får heller ikkje den same oppfølginga under utdanning som preste- og diakonstudentar. Dette har gjort at færre og færre vil bli församlingspedagog. Det er likevel markert fleire församlingspedagogar i Svenska kyrkan enn det er kateketar i Dnk. Til dømes er det om lag 300 församlingspedagogar berre i Göteborg stift mot om lag 250 kateketar i Dnk.

At församlingspedagogen normalt har leiaransvar for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, er ikkje slik dette er ordna i Noreg. I tenesteordninga for kateketar heiter det om føremålet for tenesta i § 2:

Kirkens undervisningstjeneste har som formål å fremme dåpsopplæringa i menigheten, styrke troen hos alle døpte, gi hjelp til livsmestring og kalle til etterfølgelse. Kateketen leder menighetens undervisningstjeneste og har medansvar for å rekruttere, utruste og veilede frivillige medarbeidere.

Finland og Storbritannia

Dei seinare åra har fleire empiriske undersøkingar i fleire land spurt etter kva som gjer at somme kyrkjer og kyrkjelydar lykkast med å inkludere ungdommar i (gudsteneste-)livet i kyrkjelyden. Utgangspunktet for alle desse undersøkingane er det store fråfallet av ungdommar etter konfirmasjonsalderen. Tidlegare har ein i stor grad stolt på at desse ungdommane vender tilbake til aktiv deltaking i kyrkjelyden etter ungdomstida.⁵² Det verkar ikkje (lenger) som at dette er ein haldbar strategi. I fleire store undersøkingar av ungdommar og unge vaksne medlemmer i den evangelisk-lutherske folkekyrkja i Finland har ein funne at dei erfaringane ein gjer seg gjennom konfirmanttida, ser ut til å vere heilt avgjerande for den vidare relasjonen til kyrkja, mellom anna om ein i seinare livsfasar vurderer utmelding av kyrkja eller ikkje, og i kva grad ein ser jamleg gudstenestedeltaking som ein meningsberande del av kvardagen. I kyrkja i Finland har ein prøvd å møte dette gjennom å utvikle nye arbeids- og gudstenesteformer etter konfirmasjonstida, til dømes kurs for par om kjærleik og Metal Messa, som vart arrangert under Helsinki Pain Festival.

Også CofE har det siste tiåret arbeidd intensivt med problemstillingar i samband med deltakinga frå ungdommar i kyrkjelydslivet. Dette arbeidet har ført til ei sjølvkritisk erkjenning. Rapporten *Mission-shaped church* frå 2004 målber eit nokså pessimistisk syn på evna kyrkja har til å nå ut til unge menneske. Mens ein før trudde at ungdommar som i ungdomsfasen slutta med aktiv deltaking i kyrkjelydslivet, ville vende tilbake når dei sjølve fekk barn eller vart eldre, ser ein no at dette ikkje lenger er vanleg. Rapporten konkluderer med at det dessverre er svært usannsynleg at stilen og verdiane i den eksisterande kyrkja kan tilby eit mønster for liv og fellesskap som unge menneske kan kjenne seg heime i.⁵³

⁵¹ Informasjon frå den fagansvarlege for kyrkjelydspedagogar i Göteborg stift.

⁵² Sjå til dømes *Mer end blot en søgen efter enkle svar? Et studie i danske unges søgen mok kirkelige fellesskabe*, *The Questioning Mind. Faith and Values of the New Generation* og *Making sense of Generation Y. The world view of 15-25-year-olds*.

⁵³ *Mission-shaped church* 2004:79.

Ifølgje ein av biskopane i CofE, Graham Cray, som var med på å leie utarbeidinga av rapporten, er det slik at 70 prosent av dei som kjem til tru, gjer det før dei er 20 år. Cray finn dette særskilt alvorleg sidan empiriske data, til dømes om fallet i søndagsskuledeltaking i det førre hundreåret, viser eit samanbrot i barne- og ungdomsarbeidet i kyrkja i England. Den same Cray meiner òg at mange kyrkjelydar fungerer dårleg når det gjeld å nå nye menneske. I staden for å utruste medlemmene sine til å engasjere seg i samfunnet slik det er, så fungerer kyrkjelydane meir som vern eller fluktstad frå samtida.⁵⁴

Cray tek derfor til orde for å utvikle nye former for gudstenestefeirande fellesskapar med særleg fokus på ungdom og unge vaksne, som ungdoms kyrkjelydar, nettverks kyrkjelydar, alternative gudstenester, cellebaserte kyrkjelydar, nye typar kristne kommunitetar og fellesskapar, tradisjonelle kyrkjelydsplantingsprosjekt, kafékyrkjelydar, midtvekekyrkjelydar, kyrkjelydsfellesskapar på skulen osv.⁵⁵ Cray ser for seg at kyrkja gjennom ei slik breidd av gudstenestefeirande fellesskapar kan by fram Jesus og den kristne moraltradisjonen som ein ressurs for å klare livet best mogleg. Med andre ord: Kyrkja, og i særleg grad ungdomsarbeidet der, må medverke til rettleiing om livsstil og karakterbygging.

Kven av dei tilsette i kyrkjelyden som fungerer som leiar for ungdomsarbeidet der, finst det ingen einskapleg praksis for i dei nordiske folkekyrkjene, men den evangelisk-lutherske folkekyrkja i Finland er den av desse kyrkjene som har ein mest tydeleg strategi for dette. Sjølv om det ikkje er pålagt dei ifølgje kyrkelova, slik det er med diakon til dømes, har dei aller fleste kyrkjelydane i Finland minst éin tilsett ungdomsleiar. Arbeidet til ungdomsleiarane er å ha hovudansvar for ungdomsarbeidet. I større kyrkjelydar, som det er ein del av i Finland, er det vanlegvis fleire tilsette ungdomsleiarar. I den finsktalande kyrkjelyden i Kyrkslätt (Kirkkonummi) utanfor Helsingfors, der det er i overkant av 20 000 kyrkjemedlemmer, er det til dømes seks tilsette ungdomsleiarar: to som er engasjerte i ungdomsarbeid før konfirmasjonen, to som er engasjerte i ungdomsarbeid etter konfirmasjonen (over 15 år), ein som er involvert i arbeid med ungdom med spesielle utfordringar og behov, og ein leiande ungdomsleiar, som har ansvar for heile teamet av ungdomsleiarar i kommunen. Alle ungdomsleiarane er på ulike vis involverte i konfirmantarbeidet saman med lektorane (kateketane) og prestane der. Ofte vil også desse ungdomsarbeidarane arbeide tett saman med dei tilsette ungdomsleiarane i kommunen. Men dei tilsette ungdomsleiarane har ikkje høve til å forvalte sakramenta. I den evangelisk-lutherske kyrkja i Finland er det berre prestar som gjer dette. Ungdomsleiarane fungerer ofte som nattverdsutdelarar, men det er ingen døme på at tilsette ungdomsleiarar forvaltar sakramenta med avgrensa fullmakter.

Når det gjeld utdanninga av ungdomsleiarar i Finland, er dette i utgangspunktet ei treårig høgare utdanning, på lik linje med diakonane. Dei går også på den same utdanningsinstitusjonen som diakonane. Her vel ein fagkrins ut frå eit framtidig yrkesval – til dømes med fokus på ungdom, barn og psykisk helse. Det er ikkje uvanleg at arbeidet som ungdomsleiar i ein kyrkjelyd er eit yrke ein har heile sitt yrkesaktive liv. Det at det finst større kyrkjelydar med varierte oppgåver for fleire ungdomsleiarar (i ulike livsfasar), er truleg ein av grunnene til at ungdomsleiaratenesta blir ei livslang teneste for fleire. Ungdomsleiarutdanninga opnar òg for jobbar i kommunen.

⁵⁴ *Mission-shaped church* 2004:40–41.

⁵⁵ Savage & Collins-Mayo & Mayo 2006:126.

I Storbritannia er det kyrkjelege utdanningsinstitusjonar som utdannar flest ungdomsarbeidarar, både til arbeid i kyrkjeleg samanheng, som "youth minister" eller "youth worker", og til meir sekulært arbeid som "youth and community worker" av ulike slag. I England er utdanninga av ungdomsarbeidarar tilpassa sertifiseringskrav. Alle som utdannar profesjonelle ungdomsarbeidarar, må utdanne i tråd med den såkalla JNC-kvalifikasjonen, som er eit nasjonalt kvalifiseringskrav til utdanninga av profesjonelle ungdomsarbeidarar. Denne utdanninga er i utgangspunktet toårig, men ved dei fleste utdanningsinstitusjonane går ho inn som ein del av ei treårig bachelorutdanning.

Det er litt vanskelegare å få oversikt over landskapet av kyrkjelydstilsette "youth ministers" i England enn over kyrkjelydstilsette ungdomsleiarar i Finland. Men særleg i samband med utviklinga av nye kyrkjelyds- og gudstenestefelleskapar med fokus på ungdom har ein "youth minister" for dette arbeidet fått ansvar for gudstenestelivet i kyrkjelyden. Men det finst likevel ingen ordinerte ungdomsleiarar i Cof E. I nokre bispedømme har rett nok biskopen gitt desse ungdomsleiarane ei form for vigsling ("commission"), men det er ingen ordinasjon eller ikkje høve til å forvalte sakramenta som er knytte til denne vigslinga. Med andre ord – i CofE har dei tilsette ungdomsleiarane ingen fullmakter (heller ikkje tids- eller stadavgrensa) til å forvalte sakramenta. I frikyrkjelege samanhengar i England ser dette litt annleis ut. Mellom anna har ungdomsleiarar med treårig bachelorutdanning i "youth ministry" vorte ordinerte til ungdomspastorar i baptistkyrkja her.

Om ungdomsleiarar ("youth ministers") i CofE skal bli ordinerte eller ikkje, har ein diskutert nokså inngående dei siste tjue åra mens "youth ministry"-utdanninga har vorte bygd opp. Dei som argumenterer mot ordinasjon, bruker ofte desse argumenta:

- Dersom nokre ungdomsleiarar blir ordinerte og andre ikkje, vil dette skape eit A-lag og eit B-lag.
- Ordinerte ungdomsleiarar vil truleg bli verande kortare i tenesta fordi det økonomisk og på andre måtar er freistande å gå vidare og bli sokneprest.
- Ordinerte ungdomsleiarar vil forsterke avstanden mellom ungdomsarbeidet i kyrkjelyden og resten av arbeidet der, særleg når det gjeld gudstenestelivet.
- Å ordinere ungdomsleiarar vil også vere ein (for enkel) måte for CofE å redusere alderen på ordinandane sine på, noko som er ei presserande utfordring.

Dei som argumenterer for ordinasjon, bruker gjerne desse argumenta:

- Dersom kyrkja skal nå ut til breidda av ungdommar og mangfaldet av ulike ungdomskulturar, er ein avhengig av å utruste og ordinere eigne ungdomsleiarar eller ungdomspastorar.
- Dersom ungdomsleiarar blir ordinerte, vil dette gi dei større fleksibilitet gjennom eit langt arbeidsliv.
- CofE må tenkje meir heilskapleg om alle tenester og arbeidsoppgåver i kyrkja.

I nokre kyrkjelydar nyttar ein nemninga "ungdomspastor", men det er ikkje knytt sakramentsforvaltning til slike stillingar. Heller røper nemninga truleg nærleik til det frikyrkjelege området, til dømes baptistane, der ungdomspastorar også har ansvar for sakramentsforvaltning.

4.4 Konsekvensar for situasjonen i Dnk

Sjølv om det er kontekstuelle ulikskapar både når det gjeld Finland og Storbritannia, bør innspela og utfordringane frå forskning og tenking om kristent ungdomsarbeid i ei ny tid leie til kyrkjeleg sjølvransaking:

- Kva er oppdraget til kyrkja i det norske samfunnet i dag?
- Korleis kan ungdomsarbeidet i kyrkja best formast slik at flest mogleg ungdommar kan få møte kallet til tru og fellesskap i Kristus?
- Ungdomsarbeidet i kyrkja, og særleg konfirmantarbeidet, er for mange ungdommar det første møtet med ein truspraktiserande fellesskap. Korleis skal det påverke måten kyrkja driv ungdomsarbeid på?
- Kristent ungdomsarbeid står ved eit kritisk vegskilje. Korleis bør det påverke den strategiske, kyrkelege satsinga på leiarskap i ungdomsarbeid når det gjeld både tilsette og frivillige?

Det er eit problem og ei utfordring at det i Dnk ikkje finst ein einskapleg tradisjon eller strategi for kven av dei tilsette i kyrkjelyden som fungerer som leiar for ungdomsarbeidet der. Vi kjem tilbake til dette i delar av framstillinga nedanfor.

4.5 Utdanning av ”ungdomsleiarar” eller ”ungdomsprestar” i Noreg

Her i landet har vi lite erfaring med det å utdanne til arbeid som ”ungdomsleiar” i kyrkjelyden gjennom eit heilt yrkesliv. Det har ein derimot noko meir erfaring med i frikyrkjelege samanhengar i Noreg, der arbeidet som barnepastor eller ungdomspastor er eit arbeid ein ofte kan stå i livet ut. Om ein ser på utdanninga av ”ungdomsleiarar” i kyrkjelydar og samfunn i Noreg, er biletet nokså samansett. Stillingskategorien ”barne- og ungdomsarbeidar” er knytt til yrkesfagleg utdanning. Ei slik utdanning tek i utgangspunktet fire år, med to års skolegang og to års læretid i bedrift. Greidd fagprøve gir yrkeskompetanse med fagbrev og yrkestittelen barne- og ungdomsarbeidar. Elles blir det stilt krav om at ein ikkje må vere sikta, tiltalt eller dømd for overgrep mot barn. Den offentlege presentasjonen av yrkestilboda ei slik utdanning gir, er slik: ”En barne- og ungdomsarbeider kan jobbe i barnehage, i barnepark, i skolen, i skolefritidsordningen (SFO), i fritidsklubber for barn og ungdom og i andre stillinger som har med barne- og ungdomsarbeid å gjøre.”⁵⁶

I Noreg starta utdanninga av kyrkjelege eller kristne ungdomsarbeidarar ved Høgskulen i Volda frå slutten av 1980-åra, gjennom deira årseining i kristendomsstudiar og kyrkeleg ungdomsarbeid knytt til KFUK-KFUMs eittåringsprogram, særleg Ten-Sing-prosjekt. Høgskulen i Volda var også vert for prosjektet Ungdom-Tjeneste-Utdanning (UTU), som var ei ordning der ungdom studerte ved Høgskulen i Volda, samstundes som dei hadde lønt praksisarbeid i 50 prosent stilling i ein kyrkjelyd eller organisasjon. Praksisen skulle først og fremst rettast inn mot barn og unge, og det skulle vere lagt til rette med ein ansvarleg rettleiar. Målet med denne modellen var tosidig: Det eine målet med UTU var at ungdommane gjennom sitt toårige engasjement i kyrkjelyden eller organisasjonen kunne vere med å gi eit lyft i barne- og ungdomsarbeidet. Det andre målet var å gi

⁵⁶ Frå www.helseogsosialfag.no.

ungdom som ønskjer å bruke tid og krefter i kyrkjelyds- og organisasjonsarbeidet, eit tilrettelagt studium med lønt praksisplass. Delar av studiet var knytt til praksisen, og det vart gitt rettleiing undervegs frå ein ansvarleg i kyrkjelyden eller organisasjonen.

Det teologiske Menighetsfakultetet (MF) starta hausten 2004 ei bachelorutdanning i ungdom, kultur og tru (UKT). Det primære siktemålet med studiet er ”å utruste til teneste som ungdoms- og menighetsarbeider i kirken og i kristne organisasjoner”. Men utdanninga skal også gi ”faglig kompetanse til å være ungdomsleder i andre sammenhenger i samfunnet”.⁵⁷ Denne bachelorutdanninga kvalifiserer altså ikkje til ein spesiell stillingskategori, slik tilfellet er i Finland og delvis i Storbritannia, men har som mål å utdanne ungdomsleiarar til heile praksisfeltet kristent ungdomsarbeid og eventuelt også til arbeidet som ungdomsleiar i andre delar av samfunnet. For mange er ei slik bachelorutdanning også startpunktet for vidare kyrkjeleg utdanning som diakon, kateket eller prest. Etter 2004 har også fleire av dei andre teologiske utdanningsinstitusjonane utvikla studietilbod med fokus på kristent ungdomsarbeid, mellom anna Truspilotane på Teologisk fakultet, Kristendom og Idrett på NLA-Høgskolen og etterutdanningskurs med vekt på kristent ungdomsarbeid på Misjonshøgskulen (MHS).

4.6 Vegval og moglege argument for og mot

Det er stor grunn til å hevde at auka satsing på ungdomsarbeid i kyrkja og ei klargjering av leiaransvaret til dei kyrkjelege tilsette for ungdomsarbeidet i kyrkjelyden, og da særleg for tenesta med ord og sakrament, er avgjerande for Dnks vidare satsing på ungdom og unge vaksne. Men dersom ei ny stilling og ein ny stillingskategori skal skapast, er det grunn til å reflektere over dette. Desse spørsmåla bør det vere særleg viktig å tenkje over:

- Korleis kan ei slik stilling medverke til ei auka strategisk satsing på kyrkjeleg ungdomsarbeid?
- Korleis kan ei slik satsing medverke til at ein når den delen av ungdomskulturen og dei ungdommane som ein i dag ikkje når med den vigsla tenesta med ord og sakrament, altså gudstenestelivet i kyrkja i vid forstand?
- Korleis og kven skal ein rekruttere til ei slik stilling?
- Kva formaliserte kompetansekrav skal ein knyte til ei slik stilling?
- Korleis skal arbeidsgivaransvar og tilsyn fordelast når det gjeld ei slik stilling?
- Kan opprettinga av ei slik stilling føre til rekruttering av nye ”typar” arbeidarar til ungdomsarbeidet i kyrkja, til dømes ved at utdanningskrava blir sette lågare?
- Korleis relaterer ein slik stillingskategori seg til dei stillingskategoriane og tilsetjingsstrategiane som blir valde i den vidare gjennomføringa av Trusopplæringsreforma?
- Korleis kan ei slik stilling få breitt gjennomslag og bli attkjenneleg? (Jamfør den finske suksessen, der ”ungdomsleiar” er noko alle kyrkjelydar har minst éin av.)
- Ut frå perspektivet ovanfor: Kva bør ein i så fall kalle ein slik stillingskategori – ”ungdomspastor”, ”ungdomsprest” eller ”ungdomsleiar”?

⁵⁷ www.mf.no.

Ved å satse på ein ungdomsleiar som også kan forvalte sakramenta, seier ein også implisitt at Dnk bør satse på å styrkje og utvikle fleire gudstenestefeirande ungdomsfellesskapar, ikkje nødvendigvis som (protest-)alternativ til høgmessa, men som strategisk kyrkjelydsutvikling for å inkludere fleire ungdommar i gudstenestelivet. Målet med å opprette ein eventuell ny stillingskategori som også med visse avgrensingar skal ha ansvar for sakramentsforvaltning, må vere noko meir enn eit ønske om å organisere og systematisere noko som alt skjer. Først og fremst må ei eventuell strategisk satsing på ein ”ny” stillingskategori ha som visjon at ein håpar at ei større breidd av ungdommar kan bli aktive deltakarar i gudstenestelivet i kyrkja gjennom dette.

Men det er fleire utfordringar knytte til opprettinga av ein ny stillingskategori: Ein slik stillingskategori kan ikkje eksistere på sida av alle andre kategoriar. Dersom ein opnar for bachelorkvalifisering her, bør ein også vurdere kva konsekvensar det bør få for andre relaterte stillingar. Korleis relaterer til dømes denne eventuelt nye stillinga seg til stillingskategorien kyrkjelydspedagog? Dette er ein av grunnane til at det kan vere eit poeng å sjå rammene og vilkåra for lokal presteteneste saman med kva fullmakter ein tilsett ungdomsleiar kan og skal ha.

Moglege argument for opprettinga av ein ny stillingskategori ”ungdomsprest/ungdomspastor” er desse:

- Opprettinga av ein ny stillingskategori kan gi rom for å utvikle fleire typar messer og gudstenestefeirande fellesskapar med fokus på unge og unge vaksne, som gjer at kyrkja kan nå fleire ungdommar og fleire delar av ungdomskulturen.
- Opprettinga av ein ny stillingskategori kan gi ei meir føreseieleg og fleksibel sakramentsforvaltning i kristent ungdomsarbeid.
- Opprettinga av ein ny stillingskategori vil understreke at kristent ungdomsarbeid krev leiarskap. Kategorien ”ungdomsarbeidar” gir meir inntrykk av å vere ein aktivitets- og programarrangør (sivilarbeidar, eittåring frå i fjor, miljøarbeidar) som ikkje i stor nok grad understrekar det leiaransvaret som høyrer til eit slikt arbeid.
- Opprettinga av ein ny stillingskategori med lågare kompetansekrav kan rekruttere nye ”typar” medarbeidarar.
- Erfaringa frå ein del ungdomspreststillingar er at dei står friare enn andre prestar til å vie tenesta si til kyrkjelydsutviklande arbeid, sidan dei ikkje vanlegvis er inkluderte i vanleg tenesteturnus i høve til kasualia.
- Subsidiært kan ein argumentere for at ei auka strategisk satsing på kristent ungdomsarbeid vil auke rekrutteringa til kyrkjelege stillingar i framtida.

Moglege argument mot opprettinga av ein ny stillingskategori ”ungdomsprest/ungdomspastor” er desse:

- Opprettinga av ein eigen stillingskategori kan føre til at ungdomsarbeidet blir sektorisert i høve til resten av ungdomsarbeidet.
- Dersom ein ny stillingskategori prest med lågare kompetansekrav får ansvar for den ordinære vigsla tenesta for ungdom, kan dette skape inntrykk av at ungdomsarbeidet er ein underordna del i høve til resten av kyrkjelydsarbeidet.
- Ei brei satsing på ein slik ny stillingskategori vil truleg krevje eit (for) stort økonomisk lyft.

- Det er urealistisk med ein eigen, ny stillingskategori med særleg fokus på ungdomsarbeidet, dersom ikkje denne stillingskategorien også blir sett saman med dei kompetansekrava og stillingskategoriane som blir til i kjølvatnet av Trusopplæringsreforma.
- Det kan vere vanskeleg å rekruttere nye medarbeidarar til slike stillingar.

4.7 Oppsummering

Kristent ungdomsarbeid krev leiarskap. Det må også vere utgangspunktet for ei nytenking og strategisk satsing på ungdomsprest/ungdomsleiar/ungdomspastor. Dersom ein vel å opprette ein ny stillingskategori, må dette reflektere ei medvite, styrkt satsing på kyrkjeleg ungdomsarbeid, der ein ønskjer å styrkje leiarskapen i kristent ungdomsarbeid og utvikle mangfaldet av kyrkjelege ungdomsfellesskapar, der flest mogleg kan få relevante og autentiske møte med evangeliet. Denne satsinga må ta utgangspunkt i det som er kjerneoppdraget til kyrkja.

5 Personellsituasjonen – norske kyrkjelydsprestar

Å sikre ei forsvarleg presteteneste i heile Noreg har vore og er ei utfordring for Dnk. I desember 2009 arrangerte Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet ein konferanse om rekruttering til presteteneste i Dnk. I etterkant av denne konferansen starta departementet eit arbeid med ein tiltaksplan for å betre rekrutteringa til prestestillingar i kyrkjelydane og tiltak for å behalde dei prestane som alt er i prestestilling. Det er såleis stadig behov for målretta tiltak på dette feltet. Årsakene til denne utfordringa er komplekse og skil seg frå bispedømme til bispedømme. Det er med dette ikkje sagt at eit tiltak som kan vere effektivt i éin del av landet, vil vere det overalt. Det er derfor behov for eit mangfald av tiltak med opning for lokale variasjonar. I det følgjande vil vi freiste å oppsummere situasjonen. Bakgrunnen for oppsummeringa er i all hovudsak henta frå KIFO, Stiftinga Kyrkjeforskings prosjekt Rekruttering til prestestillingar – faktagrunnlag og analyse av sammenhenger,⁵⁸ som elles også er viktig som utgangspunkt for arbeidet til Kyrkjedepartementet. I tillegg har det vore gjennomført ein spørjerunde på e-post til dei teologiske utdanningsinstitusjonane.

5.1 Ulike årsaker – geografi og økonomi

Blant prestane sjølv blir rekrutterings- og bemanningssituasjonen slik han no er, uttrykt som eit problem, og ei betring av dette er ønskt på tvers av bispedømme.⁵⁹ Årsakene til dette er komplekse. Vi må skilje mellom ein dårleg bemanningssituasjon som har opphav i stram økonomi, og nedskjeringar og ein dårleg bemanningssituasjon på grunn av dårleg rekruttering. Såleis er ikkje prestemangel jamt over eit problem alle stader der bemanningssituasjonen blir opplevd som utilfredsstillande:

⁵⁸ www.kifo.no/index.cfm?id=268203.

⁵⁹ Gresaker og Høeg 2009:70.

I Oslo bispedømme er det til dømes per dags dato stor tilgang på søkjarar, mens bemanningssituasjonen er under press på grunn av økonomi.⁶⁰ Faktisk bemanning og arbeidspress for prestane i eit bispedømme treng såleis ikkje å henge saman med dårleg tilfang av prestar. I andre bispedømme, særskilt dei nordlege, er det somme prosti i særskilde geografiske område som skil seg negativt ut – der stillingar har blitt utlyste i fleire rundar utan at ein har fått søkjarar. I Sør-Hålogaland, som ved sida av Møre og Nord-Hålogaland slit mest med å skaffe prestar,⁶¹ måtte til dømes alle stillingane som vart utlyste, gjennom fleire utlysingsrundar før ein fekk kvalifiserte søkjarar.⁶² Det viser seg i heile landet at det er visse stillingar som går att. Jamt over gjeld dette mellom 30 og 60 stillingar av totalt rundt 1300 på landsbasis.

Søkjarmangel til prestestillingar i lokale kyrkjelydar synest derfor å vere meir eit regionalt problem enn å gjelde Dnk som heilskap, ein problematikk som vi kjenner att når det gjeld andre yrkesgrupper, til dømes helsepersonell.⁶³ Det er såleis grunn til å tenkje over om det kan finnast målretta, spesifikke tiltak som kan hjelpe på dette. Det er ikkje sagt at utfordringar som i all hovudsak er geografisk avgrensa, skal stettast med tiltak som gjeld kyrkja som heilskap. KIFOs forskarar har ikkje funne grunnlag for å knyte rekrutteringsproblemet til presteteneste i utkantstroka saman med det moglege rekrutteringsproblemet som kan komme på grunn av aldersavgang og rekruttering til presteutdanninga.⁶⁴ Men det er sjølvstøtt grunn til å tru at eit generelt rekrutteringsproblem til presteteneste i Dnk ikkje vil gjere ”utkantproblema” mindre.

5.2 Avgangsproblematikk – pensjon og overgang til andre yrke

Når det gjeld rekrutteringsproblematikk i samband med framtidig avgang frå prestestillingar, er dette eit tema for seg. Avgangsproblematikken har såleis mest med nådd pensjonsalder å gjere. Ifølgje tal frå 2007 er nesten ein tredel av presteskapet 56 år eller meir, og dersom somme av desse vil nytte tilbodet om AFP, vil avgangen ta til å vere merkbar om fem–seks år. Talet på nyutdanna prestar går svakt nedover. I perioden som Ann Kristin Gresaker har studert,⁶⁵ har talet på nyordinerte vore likt med eller svakt overstigande det talet på prestar som andre rapportar estimerer som eit nødvendig tilfang for å halde tritt med avgangen.⁶⁶ Talet på studentar som har fullført Vegen til presteteneste og praktisk-teologisk seminar, er også større enn talet på avlagde cand.theol.-eksamenar, på grunn av alternative vegar til presteteneste,⁶⁷ som vi elles kjem nærmare inn på nedanfor. Men også teologar som no har andre stillingar enn prestestillingar, må vi sjå på som moglege søkjarar til prestejobb.

Dei viktigaste grunnane til at prestar skifter beite, anten det er til ny prestestilling eller til anna stilling, er ifølgje Gresaker⁶⁸ eit ønske om høgare løn, større faglege utfordringar og gunstigare arbeidstid. Men ønske om spesialiserte oppgåver, å unngå lange og slitsame reiser og geografi

⁶⁰ Gresaker 2009a:45.

⁶¹ Gresaker 2009a:45.

⁶² Gresaker 2009a:78.

⁶³ Gresaker 2009a:78.

⁶⁴ Gresaker 2009a:46.

⁶⁵ Sjå Gresaker 2009a.

⁶⁶ Gresaker 2009a:78.

⁶⁷ Gresaker 2009a:81.

⁶⁸ Sjå Gresaker 2009b.

skårar nesten like høgt. Leiingsproblem og eit ønske om fleire kollegaer å arbeide saman med er også betydelege faktorar i dette biletet. Mellom dei som går over til anna stilling, er lønnsaspektet enda viktigare enn for gruppa generelt. Ein del av desse prestane nemner også teologisk uro og arbeidspress som eit utløysande problem.⁶⁹ Det er ein tydeleg samanheng mellom manglande trivsel med prestetenesta og overgang til andre yrke og ein viss samanheng mellom psykisk slitasje og det å søkje seg vekk.⁷⁰ Vidare er det ein sterk samanheng mellom faktorar som er knytte til leiing og det å vere tilbøyeleg til å søkje seg bort.⁷¹ Det er dessutan nærliggjande å rekne med at også spørsmålet om arbeid for ektefellen tel med.

5.3 Studerer færre teologi? Og kven er teologistudentane?

Dersom talet på teologistudentar går betrakteleg ned, vil ein få eit problem med omsyn til den generelle rekrutteringa til prestetenesta. Opptak til teologistudiet gir ikkje eit eintydig svar på kor mange som faktisk blir prestar. Det er verdt å merke seg at berre 41 prosent av dei som er prestar i KIFOs undersøking, tok avgjerda om å bli prest før dei tok til på teologistudiet. 46 prosent av prestane tok avgjerda i løpet av teologistudiet (for yngre prestar er talet enda høgare) og nokre få mens dei gjekk på anna utdanning eller var i annan jobb. Såleis kan ein i stor grad sjå på avgjerda om å velje presteyrket som ei mognadssak.⁷² Og institusjonane har med dette ei dobbel utfordring: først å rekruttere teologistudentar, deretter å få desse til å velje presteteneste.

Men kartleggings- og rapporteringssystema både med omsyn til korleis presteutdanna beveger seg på arbeidsmarknaden og utdanningsfeltet, er ikkje gode nok til at det ligg føre sikker nok kunnskap om dette.⁷³ Vi tok derfor ei rundspørjing på e-post til dei teologiske utdanningsinstitusjonane for å finne ut av om dei merkar seg nokre tydelege tendensar med omsyn til rekruttering. Det er somme skilnader mellom institusjonane.

Ved MHS varierer opptakstala, og det er ingen særskild tendens i den eine eller den andre retninga å spore. Men signala herfrå er at for få studentar tek til på profesjonsstudiet (dei siste par åra 5–6), og at hovudmengda av studentane er i normal studentalder. Det blir sagt at KIFO-rapporten nedtonar det ein opplever som ei rekrutteringskrise. Her meiner ein at tilsiget frå andre studentar enn dei ordinære ikkje kan fylle behova, berre vere eit supplement.⁷⁴

Ved Kirkelig utdanningscenter i nord (KUN) ser dei ein tendens til ein svak auke av pretestudentar (her har dei i alt 11 som er fordelte på ulike trinn), og hovudtyngda av prestane som kjem frå KUN, har utdanningsbakgrunn frå andre studiar. KUN er i samtale med bispane i nord om mogleg bachelorpresteutdanning, men det faktum at halvparten av KUNs pretestudentar alt er i vikarteneste i dei tre nordlegaste bispedømma, gjer at ein her ser slik vikarteneste som meir fruktbar enn ei bachelorordning.⁷⁵

⁶⁹ Gresaker 2009b:62.

⁷⁰ Gresaker 2009b:65 og 66.

⁷¹ Gresaker 2009b:67.

⁷² Gresaker 2009b:75.

⁷³ Gresaker 2009a:79.

⁷⁴ E-post til Birgitte Lerheim frå studiesjef Einar Engebretsen ved MHS 28.01.2010.

⁷⁵ E-post til Birgitte Lerheim frå rektor Stig Lægdene ved KUN 27.01.2010.

Ved Det praktisk-teologiske seminar (PTS), Universitetet i Oslo, ser ein dei to–tre siste åra ein tydeleg tendens til at ein aukande del av studentane på avsluttande praktikum er eldre og har gått andre vegar til prestetenesta enn det ordinære studiet. For dei siste ti åra er gjennomsnittstalet på uteksaminerte 15,7 studentar. Dei siste tre åra er snittet om lag 10. Mellom dei 11 registrerte studentane våren 2010 er 6 studentar eldre enn 40 år. Den same tendensen ser ein dei tre føregåande åra.⁷⁶

Ved MF har 269 studentar fullført praktikum i perioden 2001–2009, noko som gir eit snitt på tett oppunder 30 studentar i året. I ein tabell som vi har fått oversendt, ser vi ein generell nedgang frå om lag 40 studentar i året til rundt 30 i året når vi ser perioden under eitt. Desse opplysingane frå MF seier lite om kandidatane har teke andre vegar til prestetenesta enn den ordinære. Mellom talet på fullførte cand.theol.-gradar og talet på dei som har fullført praktikum, er det berre 4 i skilnad.⁷⁷ Andre opplysingar frå MF viser at i perioden 2007-2010 har fakultetet gitt til saman 14 personar godkjent praktikum med bakgrunn i vedtak i Evalueringsnemnda.⁷⁸

Ut frå desse opplysingane ser det ut til å vere ein generell nedgang i talet på uteksaminerte frå dei praktisk-teologiske seminarane. I snitt mellom utdanningsinstitusjonane ser det ut til at det ligg føre eit ikkje uvesentleg tilsig av studentar som har gått andre vegar til prestetenesta enn gjennom det ordinære studiet. Ved KUN og PTS er det mogleg å spore ein auke eller stabilitet som kanskje heng saman med tilsig av andre typar studentar enn dei som har gått på det ordinære studiet. Delen av slike studentar ved MF er mindre. På MHS går nesten alle praktikumsstudentane på det ordinære studiet.

5.4 Refleksjonar i høve til OLM og OB

Kva vil innføring av noko som liknar OLM og/eller OB, kunne hjelpe på rekruttering og bemanning? Ei slik ordning vil truleg kunne avlaste den ordinære prestetenesta på stader der bemanningssituasjonen av ulike årsaker er kritisk, både i tettbygde og grisgrendte strøk. Men desse ordningane ser i stor grad ut til å handle om rekruttering frå den eine lokale kyrkjelyden eller distriktet til den andre, og er derfor avhengig av den lokale situasjonen. Geografiske tilhøve og jobbtillbod for ein eventuell ektefelle er viktige faktorar når folk vel si første presteteneste, og enda viktigare ved jobbyte. Nærleik til oppvekststad spelar ei viss, men ikkje så stor rolle.⁷⁹

I KIFO-rapportane peikar til dømes KUN på at ein stor del av studentane deira alt er i prestevikarteneste i dei bispedømme som slit mest med rekrutteringa. I ”ressurssvake” kyrkjelydar, som vi må gå ut frå at ein del av dei som slit med å skaffe prestar, kan kategoriserast som, er det likevel ikkje gitt at det i utgangspunktet er så mange å rekruttere til slik teneste frå. Vi må òg spørje oss om det skal brukast store ressursar på å opprette ei krevjande frivilligteneste i samfunnet i dag. Kompetansekrava er jamt over høge, generelt er yrkesaktiviteten mellom småbarnsforeldre (særskilt mødrer) høgare enn i Tyskland og England, og krysspresset er i utgangspunktet stort på småbarnsfamiliane både når det gjeld jobb og frivillig arbeid.

⁷⁶ E-post til Birgitte Lerheim frå kontorsjef Rigmor Smith-Gahrnsen 26.01.2010.

⁷⁷ E-post til Birgitte Lerheim frå kommunikasjonsrådgivar Atle Ottesen Søvik ved MF 28.01.2010.

⁷⁸ E-post til Synnøve Hinnaland Stendal frå rådgiver/opptaksleder Rune Vik ved MF 20.08.2010.

⁷⁹ Gresaker 2009b:48.

I bispedømme som Oslo, der bemanningssituasjonen er vanskeleg på grunn av økonomi, vil til dømes ei slik ordning kunne avlaste prestar som er i lønt teneste, men samstundes kan ho kanskje sperre for utlysing av nye stillingar og rekruttering til teneste her. Byar som Oslo og Stavanger har elles god tilgang på teologar, ordinerte som uordinerte, som ikkje er i presteneste, men det er ikkje tradisjon for at desse i stor grad går inn og hjelper til med oppgåver som normalt sett skulle ha vore lønte, og politisk sett vil nok fagforeiningane vere skeptiske til dette.

5.5 Moglege konsekvensar av innføring av bachelorprestar

Når det gjeld ei eventuell ungdomsprestordning med utdanningskrav på bachelornivå, vil innføring av ei slik ordning truleg ikkje ha den store effekten på rekruttering til grisgrendte strøk. Ein motivasjon for ønsket om å utgreie ei slik ordning er da også, mest nærliggjande forstått, i all hovudsak knytt til sakramental praksis i store og aktive ungdomsmiljø i kyrkja. Når det gjeld sakramental praksis, kan behovet fyllast på to måtar: anten ved at dei ordinære prestane i kyrkjelydane det gjeld, prioriterer eit nærvær i ungdomsmiljøa, eller at dei som jobbar med ungdom, sjølve blir ordinerte eller får fullmakt til sakramentsforvaltning. Det første kunne vere ønskjeleg for å motverke sektorisering av ungdomsarbeidet til kyrkja i høve til resten av kyrkjelyden, sjå del 4.2 om hovudutfordringar for ungdomsarbeidet i Dnk. Men i kyrkjelydar der presset på prestenesta alt er stort, er det lite truleg at dette nærværet blir prioritert, all den tid det er andre tilsette i kyrkjelyden som har eit særskilt ansvar for ungdom. Samstundes er det vel slik at dei kyrkjelydane som har eit omfattande ungdomsarbeid, i utgangspunktet gjerne er ressurssterke kyrkjelydar som ligg nokså sentralt til, og som i liten grad slit med å rekruttere prestar generelt sett.

Det er eit ope spørsmål om innføring av bachelorprestar vil føre til at nye personar som elles ikkje ville ha studert teologi, blir rekrutterte inn i kyrkjeleg teneste. Som KUN peikar på, er det ut frå noverande ordningar fullt mogleg å vere prestevikar og fullføre studiet parallelt, noko KUN har meir tru på enn å innføre ei bachelorordning. Ein må òg spørje om kor ei slik teneste vil føre til at fleire sluttar som heiltids teologistudentar og heller fullfører parallelt med arbeid i ein kyrkjelyd. Og vil ei slik ordning svekkje talet på dei som fullfører teologistudiet på ordinært vis?

Når det gjeld økonomi, kan ordninga med bachelorprestar slik med ein gong synast å bli "billigare" for kyrkja, noko som kanskje kan tyde på at ein får meir presteneste for pengane. Dersom det blir vedteke ei tenesteordning for slike stillingar, vil bispedømme kunne velje å opprette slike stillingar for å spare pengar. Men dersom vi ser for oss ei teneste der ein på så og så mange år skal fullføre utdanningskrav tilsvarande ordinære ordinasjonskrav (om vi, som tyskarane, legg vekt på utdanningsaspektet knytt til ordinasjonskravet), vil ikkje økonomiargumentet på sikt halde. Unge prestar som går inn i ei slik teneste, vil truleg ønskje å studere vidare med tanke på kompetanse og lønnsauke (jf. funna i KIFO-rapportane om økonomi som motivasjonsfaktor for jobbskifte både indrekyrkjeleg og eksternt), sidan karrierevegane vidare vil vere avgrensa, og det vil truleg vere ønske om opprykk i stilling med tanke på kontinuitet i tenesta. Det er med dette ikkje gitt at ei slik løysing på sikt vil bli ei "billigløysing" for kyrkja. Ei eventuell tenesteordning for bachelorprestar må ein sjå i samheng med ei eventuell tenesteordning for andre stillingar med utdanningskrav på bachelornivå. På KAs konsultasjon om undervisningstenesta i Dnk 25. november 2009 var det uklare signal frå Kyrkerådet om det i det heile blir oppretta stillingar med eit slikt utdanningskrav, nettopp med tenesteordning og skepsis til lokal forvaltning av dette som argument.

6 Den kyrkjerettslege situasjonen

I det følgjande gir vi ei oversikt som oppsummerer den kyrkjerettslege situasjonen når det gjeld ordningar for vigsla teneste i Dnk og andre forhold som er relevante for denne utgreiinga. Som eit nødvendig grunnlag og utgangspunkt for spørsmålet om lokal presteneste, vil drøftinga i dei etterfølgjande hovuddelane på ein del punkt referere til denne delen.

6.1 Fleire alternativ og større mangfald – eit historisk perspektiv

Konventikkelplakaten var avskaffa alt i 1842. I andre halvdel av 1800-talet vart fleire diakonale institusjonar og ei rekkje av dei store, kristlege organisasjonane med ein eller annan type indremisjonsprofil oppretta. Dette opna for at lekfolket kunne vere med på fleire område som tidlegare berre var for det geistlege embetet. Prestetenesta var da også det av dei statlege embeta som tidlegast kom til å spegle breidda i befolkninga. Utviklinga gjekk i retning av at breiare lag etter kvart fekk nye borgarlege og kyrkjelege rettar. Den skrittvis etableringa av rådsstrukturen i mellomkrigstida har vore viktig i denne prosessen. Nye typar kyrkjelege stillingar og arbeidsformer har også ført til at mangfaldet vart større, og det vart fleire måtar ein kunne drive profesjonell og frivillig innsats i kyrkja på.

I 1888 fekk leke menn høve til å preike i kyrkjene utanom dei regulære gudstenestene.⁸⁰ I 1913 oppheva ein reglar som hindra lekmenn utan teologisk utdanning å kunne preike eller komme med kortare vitnesbyrd i gudstenesta. Ved den same lova vart også reglar som gjorde nattverdsforvaltning ved lekfolk til ei ulovleg handling, sette ut av kraft.⁸¹ Ei forskrift frå same året gav reglar for korleis forkynninga frå lekmenn i gudstenesta skulle ordnast. Retten til å preike var knytt til vedtak i kyrkjelydsmøtet, at presten overdrog oppdraget og rapportering tenesteveg til biskopen.⁸² Forskrifta av same dato om nattverdsforvaltning utanfor kyrkjene forankra på liknande måte i dette tilfellet retten til den namngitte lekmannen til kyrkjelydsmøtet, og gav biskopen høve til å overdra oppdraget med å forrette soknebod eller forvalte nattverden. Dette skulle som regel ikkje skje samstundes med den offentlege gudstenesta i kyrkja i soknet eller distriktet.⁸³ Kvinner fekk rett til å halde oppbyggjelege foredrag i kyrkja i 1911. Først i 1956, same året som den retten fall bort som kyrkjelydane hadde til å reservere seg mot kvinnelege prestar, fekk kvinner same rett som menn hadde hatt sidan 1913 til å preike ved dei regulære gudstenestene.⁸⁴

Forskrifta frå 1913 om soknebod og nattverdsforvaltning vart revidert ved kongeleg resolusjon i 1949.⁸⁵ I resolusjonen frå 1949 er det soknerådet, oppretta ved lov i 1920, som kan gi biskopen forslag om kven frå den lokale kyrkjelyden som kan få slike fullmakter. Ved denne resolusjonen

⁸⁰ I første omgang rett til å preike frå kordøra, i 1897 også frå preikestolen.

⁸¹ Lov av 25. juli 1913.

⁸² Forskrift av 29. oktober 1913, nr. 9157.

⁸³ Forskrift av 29. oktober 1913, nr. 9160.

⁸⁴ Dei geistlege embeta vart opna for kvinner i 1938.

⁸⁵ Kongeleg resolusjon av 28. januar 1949.

fekk da også kvinner same rett som menn hadde hatt sidan 1913, til å forrette soknebod og forvalte nattverd innanfor kyrkjelyden. Reglar om fullmakt til å utføre dåp innanfor ein institusjon etter reglane i *Altarbok for Den norske kyrkja* høyrde med i den same resolusjonen. Biskopane fekk også høve til å innvie leke, både kvinner og menn, til kyrkjelyds- og institusjonsteneste. Instruksar for tenesta kunne fastsetjast av biskopen.⁸⁶ Parallelt med og til ein viss grad knytt opp mot tenking frå 1930-åra om ei særskild kyrkjeleg teneste for kvinner, først og fremst kvinnelege teologar,⁸⁷ gjekk utviklinga i retning av større grad av tenestedifferensiering innanfor kyrkja. Dette galdt stillingar som kyrkjelydssekretær og kateket og var også knytt til utbygginga av kyrkjelydsdiakonien.

6.2 Gjeldande ordningar

Kateket- og diakonstillingar

Dei stillingane i Dnk som ligg tettast opp til prestetenesta, er kateket-⁸⁸ og diakontenesta. Dette er vigsla tenester med innsetjing etter fastsett liturgi med oppgåve å leie undervisningstenesta (kateket) og diakonitenesta (diakon) i kyrkjelyden. Begge stillingane omfattar gudstenestlege funksjonar med utgangspunkt i dei respektive ansvarsområda og etter retningslinjer som er fastsette av Kyrkjemøtet med heimel i lova om Dnk. Kateketen kan planleggje og forrette gudstenester med utgangspunkt i ansvarsområdet sitt, men tenesta omfattar ikkje forvaltning av sakramenta. I kraft av vigslinga si er diakonen autorisert som nattverdsmedhjelpar og utdelar. Diakonen kan også gå i soknebod, gjere teneste ved bæreandakt og urnenedsetjing og etter avtale forrette gravferd.

Kvalifikasjonskrava for begge stillingane er mastergrad med mellom anna kristendom og praktisk-kyrkjeleg fag/utdanning eller teologisk embetseksamen med praktikum med tillegg. Personar med anna fagleg jamgod og relevant utdanning eller praksis kan godkjennast. I mangel på kvalifiserte søkjarar kan bispedømmeråda for stillingar med statleg finansiering godkjenne at stillinga mellombels blir gjort om til ei anna stilling innanfor kyrkjeleg undervisning eller diakoni.

Reglar for særskilde stillingar innanfor undervisning og diakoni opnar for at ein kan gi eit årleg statstilskot til heiltids- eller deltidstillingar, sjølv om stillinga ikkje er ordna eller regulert i samsvar med dei reglane om kvalifikasjonskrav og tenesteordning som Kyrkjemøtet har vedteke. Etter at arbeidet med Trusopplæringsreforma kom i gang, har det ikkje vorte tildelt nye midlar på grunnlag av denne ordninga.

Kyrkjemøtet har elles ved to høve bede Kyrkjerådet om å vurdere ”ordningar for godkjenning av utdanning på lavere nivå enn master innenfor undervisning, diakoni og kirkemusikk”.⁸⁹ Intensjonen er at behova i kyrkjelydane skal bli varetekne. Ei av årsakene til at saka har vorte

⁸⁶ Ein eigen liturgi for innviing av leke kristne til teneste i kyrkjelydar eller institusjonar var òg fastsett ved kongeleg resolusjon av 28. januar 1949.

⁸⁷ Som eit innspel i debatten om kvinnelege prestar låg *Om en særskilt kvinnelig tjeneste i kirken. Utgreiing av en av bispemøtet opnevnt komité* føre i 1937, og vart utgitt året etter med Bispemøtets vedtak i saka som vedlegg (22/1937), sjå Stendal 2003:256–258.

⁸⁸ Om ein går tilbake til 1800-talet, var tittelen kateket berre for ordinerte prestar, ein type hjelpeprestar med undervisningsoppgåver i skolen, Motzfeldt 1844: 91.

⁸⁹ Sak KM 6/02, punkt 4 og sak KM 7/08, punkt 13.

liggjande, er at ein har venta på ei systematisering av erfaringane frå Trusopplæringsreforma. Ein arbeider no med å vurdere korleis vedtaket best kan følgjast opp.

Gjennom ei årrekke har det vorte arbeidd med forståinga av diakontenesta i Dnk. Med bakgrunn i vedtak i Bispemøtet⁹⁰ vedtok Kyrkjemøtet i sak KM 8/04 om diakonal teneste i Dnk med hovudvekt på diakontenesta og embetsforståinga at ”diakontjenesten teologisk kan forstås som en del av den ordinerte tjenesten”. På oppfordring frå Kyrkjerådet, som arbeider med saka med tanke på ny kyrkjemøtebehandling, har Bispemøtet ved fråsegna ”Diakontjenesten i kirkens tjenestemønster” (sak BM 32/10) teke stilling til forståinga av diakontenesta og avklart denne tenesta sin ”aktuelle teologiske og ekklesiologiske status sett i forhold til prestatjenesten og kirkens tjenestemønster i det hele”.

I fråsegna blir det understreka at det, med tilvising til CA 5, er ”en særskilt teneste med Ord og sakrament” som er ein ”grunnleggende identitet” i prestatenesta, sjølv om oppgåvene som blir lagde til prestatenesta, elles kan variere. Dette vil ikkje seie ”at prester dermed skulle ha en eksklusiv rett til å utføre alt som hører inn under forkynnelse og sakramentforvaltning”. Også diakonen formidlar evangeliet i mange former, blir det peikt på i fråsegna. Utgangspunktet er ein freistnad på å sjå dei ulike tenestene i eit heilskapleg perspektiv med vekt på fellesskapen i kyrkjelyden, samstundes som ein held fast på særpreget ved tenestene. Det blir understreka at ”heller enn å forstå ulike konkrete tjenester som ulike aspekter ved en enkelt teneste, er det mer sakssvarende å forstå dem som selvstendige tjenester innenfor rammen av fellesskapet av tjenester i kirken”. Bispemøtet ser elles ikkje noko grunnlag for å endre på det generelle høvet som diakonar har fått til å forrette nattverd i samband med soknebod.

Fråsegna tek også opp spørsmålet om korleis ein skal forstå vigslinga til teneste. Det blir peikt på at vigslinga formidlar kall, velsigning og sending. Ho er ”ikke tidsbegrenset, men tar sikte på en livslang teneste”, og blir utført av biskopen fordi ho gjeld heile kyrkja. Dei vigsla stillingane er kvar på sin måte sette inn under eit særleg ansvar og ei særleg forplikting, men dette inneber ikkje ei ”særskilt åndelig verdighet eller status utover det andre døypte har”. Teologisk ser Bispemøtet ingen prinsipiell skilnad mellom vigsling og ordinasjon. Poenget er ikkje vigslinga eller ordinasjonen i seg sjølv, men tenesta det blir vigsla til: ”Vigslingen er ikke vigsling til en generell status som vigslat, men vigsling til en spesifikk teneste.” Derfor må ein som går over frå ein tenestetype til ein annan, vigslast til den nye tenestetypen.

Bispemøtet rår elles til at prestatenesta blir omtalt som teneste, ikkje som embete, og meiner at omtalen av leke og geistlege er ”lite egnet for å sonde mellom ulike grupper i kirken”.

Andre stillingar

For eit breitt spekter av ulike andre typar kyrkjelege stillingar har *Gudstenestebok for Den norske kyrkja* ei ordning for vigsling til fast kyrkjeleg teneste. Mens kateketar, diakonar og prestar blir vigsla av biskopen, blir denne andre typen fast kyrkjeleg teneste vigsla av prosten. Dei alternative kategoriane som er nemnde spesielt, er organist, klokkar, kyrkjelydssekretær, ungdomsleiar og

⁹⁰ Sak BM 32/04.

misjonær.⁹¹ I tillegg har liturgien den opne kategorien ”anna teneste”, som kan fyllast ut etter behov. Denne vigslingsliturgien er litt enklare enn den for prest, kateket, diakon og kantor.⁹²

Framstilling med forbønn i kyrkjelyden er ei ordning for dei som ved tilsetjinga si tek imot kyrkjeleg tenestebrev, og som ikkje er vigsla, og for alle som er valde til kyrkjelege råd og tillitsverv i den lokale kyrkjelyden. Etter avtale med soknepresten kan også personar ”med andre tenester” framstillast.⁹³

Kyrkjelydsprestar

I tenesteordninga for kyrkjelydsprestar som blir tilsette av bispedømmerrådet, er det gjort greie for oppgåvene på denne måten (§ 2):

Presten skal forvalte Ord og sakrament slik at kristen tro og kristent liv fremmes i menigheten ved å a) holde forordnede gudstjenester og forrette kirkelige handlinger, b) utføre dåps- og konfirmasjonsopplæring, c) utøve sjelesorg og veiledning, gå med dødsbud, reise i soknebud og også ellers besøke syke og d) utføre forkynner arbeid og i samråd med menighetsrådet annet menighets byggende arbeid.

Kyrkjelydspresten kan også bli pålagt andre oppgåver, og biskopen kan ved instruks avgjere at somme prestar heilt eller delvis skal fritakast for oppgåver som er nemnde i tenesteordninga, og bli tillagde ei spesialisert teneste. Ein fast tilsatt kyrkjelydsprest må fylle fastsette kvalifikasjonskrav, skal innsetjast etter forordna liturgi og kan ikkje gå inn i fast stilling utan å vere vigsla. Formaninga og lovnaden i vigslingsliturgien er styrande for tenesta og livsførselen til presten.

Vigslingsliturgien for prestar er elles den einaste der den som blir vigsla, er omtalt som ”ordinand”,⁹⁴ og i tenesteordninga for kyrkjelydsprestar blir prestevigslinga på tilsvarande måte omtalt som ”ordinasjon”. I fråsegna frå Bispemøtet om diakontenesta i tenestemønsteret i kyrkja blir det som nemnt ovanfor understreka at det teologisk ikkje er ”noen prinsipiell forskjell mellom vigsling og ordinasjon”, men at Bispemøtet ikkje ser noko behov for å endre tradisjonen med å knyte omgrepet ordinasjon til prestetenesta.

Hovudregelen er at kyrkjelydsprestar har eitt eller fleire sokn som tenestestad og heile prostiet som tenestedistrikt. Prosten leier prestetenesta i prostiet, soknepresten i sitt/sine sokn og medverkar til samordning med verksemda til soknerådet. I tenesteordninga (§ 10) heiter det at alle kyrkjelydsprestar i forvaltninga av ord og sakrament ”utøver et pastoralt lederansvar og bidrar til strategisk og åndelig ledelse i og av menigheten”.

Den tradisjonelle og vanlegaste vegen til presteteneste går via cand.theol.-eksamen/grad og praktisk-teologisk utdanning. Dessutan kan det også tilsetjast personar som har master- eller ein av

⁹¹ Kantoren er også nemnd i denne samanhengen, men det ligg no føre ein eigen vigslingsliturgi for kantorar.

⁹² *Gudstenestebok for Den norske kyrkja*, del II, 1992:197.

⁹³ *Gudstenestebok for Den norske kyrkja*, del II, 1992:218.

⁹⁴ I sak KM 10/01: Embetskomiteens innstilling, punkt 1C, der Kyrkjemøtet bad om vidare utgreiing om diakonatet i høve til preste- og bispetenesta, blir språkbruken om vigsling og ordinasjon avklart på denne måten: ”Språkbruken modifiseres i det vidare arbeid slik at en taler om ulike tjenester i kirken. Ved siden av begrepet vigsling brukes også ordinasjon. Det siste brukes i forbindelse med preste-tjenesten. Om det er vigsling eller ordinasjon som skal brukes som begrep i forbindelse med de øvrige tjenestene, avklares gjennom den vidare utredning.”

dei tidlegare høgare gradstitlane som er vurderte til å ha ein kompetanse som i innhald og omfang svarer til cand.theol.-graden.

I 1998 gjorde Kyrkjemøtet vedtak som opna opp for to nye vegar til presteteneste, og som vart følgde opp ved vedtak av Kyrkjedepartementet. Den eine, § 4, gjer det mogleg å bli tilsett som prest etter vedtak av Evalueringsnemnda⁹⁵ når ho finn at den aktuelle kandidaten har tilsvarende kompetanse som ein cand.theol. på dette grunnlaget:

1) Minst femårig gradsutdanning på masternivå eller tilsvarende som ved det den inneheld eller ved utvikla praksis er relevant for prestetenesta. 2) Som del av eller i tillegg har teologiske studiar tilsvarende 80 studiepoeng eller dokumenterte kunnskapar tilsvarende dette, 3) ikkje finnast personleg ueigna, 4) har fylt 35 år og 5) har hatt graden i minst 5 år. Dette fell bort om graden vart oppnådd etter fylte 50 år.⁹⁶

Per april 2010 er 48 av 51 søkjarar godkjende etter denne ordninga. Dei fleste av dei som er godkjende, har master/hovudfag i kristendomskunnskap. Elles er det godkjent personar med hovudfag/master i nordisk, engelsk, idrett, kyrkjehistorie, tysk, filosofi eller arkeologi og personar med juridisk embetseksamen.

Den andre måten, § 5, går ut på at Evalueringsnemnda gjer vedtak om å gjere unntak frå reglane om formelle kvalifikasjonar. Det skal da liggje føre "helt særlege grunner fremlagt i søknad frå vedkommende biskop. Vedkommende må ha personlege forutsetninger som gjer at han eller hun utvilsomt er særlig kvalifisert for å utføre prestetjeneste i Den norske kirke, og det må foreligge et særlig kirkelig behov for vedkommendes tjeneste".⁹⁷

26 av 35 søknader frå biskopane er godkjende etter denne ordninga. I denne gruppa er utdanningsnivået svært ulikt, frå nesten berre realkompetanse til nesten cand.theol.-grad.

Tenesta til ikkje ordinerte/vigsla med ord og sakrament

§ 10 i Tjenesteordning for biskoper gir biskopane høve til å

gi egnede lekfolk som på ansvar og under tilsyn av prest utfører assisterende tjeneste under tjenestefrihet eller ledighet i en prestestilling, fullmakt til å forrette forordnede gudstjenester, dåp, nattverd og gravferd. Slik fullmakt kan også gis teologiske studenter som befinner seg i den avsluttende delen av profesjonsstudiet i teologi eller tilsvarende.

Ordlyden er nesten identisk med ein resolusjon frå 1974⁹⁸ og er ei vidareføring av ordningane frå 1913 og 1949, som er omtalte ovanfor (6.1).

⁹⁵ Sjø § 7. Saksbehandling i Forskrift om tilsetting av menighetsprest, *Lovsamling for Den norske kirke* 2010:91.

⁹⁶ Oppsummerande gitt att etter § 4 i Forskrift om tilsetting av menighetsprest. Sjø *Lovsamling for Den norske kirke* 2010:90.

⁹⁷ Forskrift om tilsetting av menighetsprest, § 5. Sjø *Lovsamling for Den norske kirke* 2010:90-91.

⁹⁸ Kongelig resolusjon av 10. mai 1974. Det er her teologiske kandidatar og studentar for første gong blir nemnde spesielt som aktuelle for denne typen teneste.

Ikkje-ordinerte utan spesiell fullmakt frå biskopen kan gjennomføre gudsteneste etter ordninga i *Gudstenesteboka* for preikegudsteneste.⁹⁹ Dette er ein liturgi utan sakramentsforvaltning.

Ungdomspastor med bachelorkompetanse

Som det er gjort greie for innleiingsvis (2.1) og under delen om leiarskap i Dnks ungdomsarbeid (4.1), vedtok Kyrkjerådet i 2008 å greie ut ei ny ordning med lokal presteteneste. I komitémerknadene til sak KM 4/08 Evaluering av godkjenningsordning for personer uten cand.theol-grad, punkt 5, blir dette føreslått:

[...] Kirkerådet vurderer muligheten for en ordning med ungdomspastor (jf. Ungdomstinget i Agder og Telemark bispedømme sak 05/08). En slik stilling kan ha et lavere krav til kompetanse, for eksempel en bachelor-grad, og kan være en prestestilling med begrensede fullmakter, og med veiledning fra en prest i en vanlig prestestilling.

Som ein mogleg parallell til dette forslaget viser vi her til spørsmålet om eventuelle ordningar for godkjenning av utdanning på lågare nivå for undervisning, diakoni og kyrkjemusikk, som er omtalt ovanfor.

6.3 Oppsummering

Den kyrkjerettslege utviklinga i Dnk på dei områda som denne utgreiinga aktualiserer, har gått i retning av fleire alternativ for profesjonell og frivillig deltaking på område som tidlegare var berre for presten, større grad av tenestedifferensiering og fleire vegar til vigsla presteteneste med reduserte krav til teologisk fagkompetanse. Ordningane i kyrkja opnar for tenestemangfald og fleksibilitet.

7 Erfaringar med vegar til presteteneste via Evalueringsnemnda

Denne utgreiinga har utgangspunktet sitt i ein presentasjon og ei evaluering av ordningane med OLM frå England og OB frå Tyskland. Når spørsmålet om ei ordning med lokal presteteneste i Dnk skal vurderast, er likevel også erfaringane med dei nye vegane til presteteneste via godkjenning i Evalueringsnemnda av interesse for vurderinga. Framstillinga nedanfor oppsummerer det erfaringsmaterialet som ligg føre.

Det var Kyrkjerådet som i 2004 henta inn erfaringar frå personar som var godkjende til presteteneste gjennom ordninga i § 4 og § 5 i Forskrift om tilsetting av menighetsprest (sjå del 6.2). Dessutan samla Kyrkjerådet i 2008 inn erfaringar om den same ordninga frå prostar, biskopar, bispedømmeråd og dei praktisk-teologiske seminara. Dette materialet vart så innarbeidd i saksframstillinga til sak KM 4/08: Evaluering av godkjenningsordning for personer uten cand.theol-grad.

⁹⁹ *Gudstenestebok for Den norske kyrkja*, del I 1992:156.

7.1 Eigne erfaringar

I saksframstillinga blir det gjort greie for at 26 personar som var godkjende av Evalueringsnemnda og hadde gjennomført praktisk-teologisk utdanning, fekk tilsendt spørjeskjema, og at 18 av dei svarte. Ti av desse hadde godkjenning tilsvarande § 4 og åtte tilsvarande § 5. Svara frå kandidatane på spørsmål som galdt erfaringane deira, blir oppsummerte slik i saksframstillinga:

De fleste svarte at de ikke savnet mer teologisk kompetanse. Samtidig svarte flere at de jobbet med fordypning og [med] å tilegne seg mer teologisk kunnskap i forbindelse med forkynnelse på samme måte som prester som har ordinær utdanning. De opplever også at de blir akseptert fullt ut av sine prestekolleger.

Proessen med godkjenning blir i stor grad opplevd som positiv av dem som har vært gjennom søknadsproessen og vurdering i Evalueringsnemnda. Dette gjelder personer som er godkjent etter begge varianter. De fleste har heller ikke opplevd vansker med å få jobb etter utdanning. Det er ikke hentet inn erfaring fra dem som har fått nei fra nemnda.

Alt i alt virker det som at de som er godkjent, føler seg kompetente til oppgaven og opplever også den nødvendige trygghet og aksept fra omgivelsene.

7.2 Svar frå kyrkjelege organ

Prostar og biskopar/bispedømmeråd

På førespurnaden frå 2008 fekk Kyrkjerådet svar frå 13 prostar, 3 biskopar/bispedømmeråd og alle dei fire praktisk-teologiske utdanningsstadene. I oppsummeringa av desse svara står mellom anna dette:

Erfaringshenting fra proster, biskoper og bispedømmeråd gir også i stor grad positiv tilbakemelding.

Svarene som er kommet inn, tyder på at en stort sett støtter opp om ordningen. På spørsmål om ordningen har vært til berikelse for menighet og presteskap, er svarene stort sett ja. En begrunner dette med at godt voksne som kommer inn i tjenesten, bringer med seg erfaring fra det å være menighetslem, et enklere språk, engasjement og større nærhet til det sekulariserte samfunnet.

På spørsmål om ordningen bør brukes som rekrutteringsvei for å dekke prestemangelen i Den norske kirke, er svarene mer blandet. Det understrekes at en ikke må undergrave teologisk kompetanse i presteskabet. Det er også noen av hørings svarene som er inne på tanken om at de som godkjennes etter § 5, bør godkjennes for tjeneste på et bestemt sted og ev. for en periode og ikke en generell godkjenning. Samtidig er det noen av høringsinstansene som mener at det er stort sett på denne måten en i dag klarer å rekruttere til stillinger i de nordligste bispedømmer.

I sakspapiret til Kyrkjemøtet blir det elles reflektert på denne måten om eventuelle likskapar og skilnader mellom kandidatar som er godkjende etter § 4 og § 5:

Det er fortsatt et begrenset antall godkjente kandidater. Det betyr at det også er begrenset med erfaring på feltet ute i menighetene. Det er derfor lite tilbakemelding på om det er forskjell på personer godkjent etter § 4 og § 5. En gjennomgang av Årbok for Den norske kirke viser at søkere godkjent etter § 5 i større grad har gått ut i prestestillinger enn de som er godkjent etter § 4. Under halvparten av dem som er godkjent etter § 4 i tiden 2000-2004, finnes i dag i oversikten over ansatte i Den norske kirke. Av de som er godkjent etter § 5 i samme periode, er nesten alle i prestestilling. Om dette skyldes at de ikke har søkt stillinger eller ikke har fått stillinger eller beror på andre årsaker, har vi ingen oversikt over.

Dei praktisk-teologiske utdanningsinstitusjonane

I oppsummeringa av evalueringa frå dei praktisk-teologiske utdanningsinstitusjonane er det særleg skepsis på to område som går att i svara:

1. Mange av kandidatene anses å ha bekymringsfull lav teologisk kompetanse. Dette gjelder særlig dem som godkjennes etter § 5, men delvis også dem som godkjennes etter § 4 og som ikke har mastergrad/hovedfag i kristendomskunnskap.
2. Den teologiske refleksjon er også lav blant mange av kandidatene. Det gjelder både generelt og i forhold til å reflektere teologisk over teori versus praksis/erfaring. Utdanning på 1/2 – 1 år gir også kort tid til modning innen utføring av prestedtjeneste, særlig innen feltene homiletikk, liturgikk og sjelesorg.

Flere av utdanningsstedene tar også opp tidsaspektet. Det gis liten tid til å jobbe med egnethetsspørsmål. I denne sammenheng etterlyses det en avklaring av de forskjellige organers rolle. Evalueringsnemnda har sin vurdering, riktignok forskjellig for de to søkergruppene vedkommende, fakultetene har sin og biskopene har sin gjennom det ordinasjonsforberedende programmet Veggen til presteneste.

Evalueringsnemnda skal vurdere om søkere kan anses å ha tilsvarende kompetanse som cand.theol. ut fra bestemte kriterier. I tillegg skal nemnda ta stilling til at personen "ikke finnes personlig uskikket til prestedtjeneste". For søkere etter § 5 skal Evalueringsnemnda vurdere at "vedkommende har personlige forutsetninger som gjør at han eller hun utvilsomt er særlig kvalifisert for å utføre prestedtjeneste i Den norske kirke". Positive vedtak i Evalueringsnemnda binder likevel ikke de andre partene i deres egnethetsvurderinger. Det er viktig å tydeliggjøre at partene har hvert sitt selvstendige ansvar i veien frem til ordinasjon, og at søkerne også er klar over dette. Det oppleves i noen sammenhenger at personer bruker den ene instansens vedtak mot de andre instansers vurderinger.

Fra en utdanningsinstitusjon er det spurt om obligatorisk 60 studiepoeng etter godkjenning i Evalueringsnemnda er en vei å gå. Erfaringen er at kunnskap i bibelfag og systematisk teologiske fag gjennomgående er svak, og de har liten erfaring og trening i hermeneutisk refleksjon. [...] Om en innførte krav om ett års studium (60 studiepoeng) etter

at søknaden er behandlet i Evalueringsnemnda, vil den enkelte kunne styrke faglig andre praktisk- teologiske emner. Mange av søkerne har allerede gjennomført første semester på praktikum før søknaden behandles i Evalueringsnemnda.

Det stilles spørsmål om en bør ha strammere regler for godkjenning av personer som godkjennes etter § 4. Et av utdanningsstedene opplever at disse i mindre grad er motivert og forberedt for prestatjeneste enn studenter som går ordinær vei eller er godkjent etter § 5.

I vedtaket sitt i saka bad Kyrkjemøtet Kyrkjedepartementet om å ”endre § 4 pkt 2 i forskrift om tilsetning av menighetsprest til: ’som del av eller i tillegg til denne graden har en faglig fordypning på minimum 120 studiepoeng innen teologiens hoveddisipliner, eller har dokumentert kunnskaper innen teologiens tradisjonelle hoveddisipliner som tilsvarer dette’”. Kyrkjemøtet rådde dessutan til at Vegen til prestatjeneste også måtte gjerast gjeldande for dei som vart godkjende av Evalueringsnemnda.¹⁰⁰ I brev av 9.4.2010 svarer Kyrkjedepartementet på denne førespurnaden frå Kyrkjemøtet på denne måten: ”Departementet registrerer begrunnelsen for forslaget. Ut fra dagens vanskelige rekrutteringssituasjon for prester vil departementet på det nåværende tidspunkt ikke ta initiativ til å gjøre veien inn til prestatjeneste snevrere enn den er i dag.”¹⁰¹

7.3 Oppsummering

Dei fleste av dei som er godkjende etter vurdering av Evalueringsnemnda, opplever seg sjølv som kompetente og aksepterte i sine samanhengar. Også tilbakemeldingane frå biskopar, bispedømmeråd og dei praktisk-teologiske utdanningsstadene er i stor grad positive. I det erfaringsmaterialet som ligg føre, kjem det likevel også fram ein uro for låg teologisk kompetanse og for kort tid til fagleg mognad på område som er sentrale for prestatjenesta.

8 Bruk av § 10 i Tjenesteordning for biskoper

8.1 Kartlegging

For å kunne gjere seg nytte av erfaringar frå praksis med å ta § 10 i Tjenesteordning for biskoper i bruk, sende Kyrkjerådet ein førespurnad til biskopane. Som bakgrunn for vurderingane sine ønskte arbeidsgruppa svar på desse spørsmåla:

1. Hvor mange personer som ikke er ordinert, har i tidsrommet 2005-2009 fått fullmakt til å utføre assisterende tjeneste med bakgrunn i § 10, og for hvor lang tid er fullmakten gitt?
2. Hvilke situasjoner er som oftest bakgrunn for at § 10, 2. ledd tas i bruk?
3. Hva er bispedømmets erfaringer med eventuelt å nyttiggjøre seg § 10?

¹⁰⁰ Sak KM 4/08: Evaluering av godkjenningsordning for personer uten cand.theol-grad som prester, punkt 1 og 2 i vedtaket.

¹⁰¹ Det kongelege fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet 2010.

Sju av biskopane/bispedømmeråda svarte på denne førespurnaden, mens Oslo biskop tok opp ei tilgrensande problemstilling. Med unntak av den sist nemnde blir svara oppsummerte i den rekkjefølgja dei låg føre i Kyrkjerådets sekretariat.

8.2 Svar frå bispedømme

Bjørgvin

Omfanget av bruken av ordninga i Bjørgvin bispedømme er at det i perioden 2005–2009 er gitt 41 fullmakter til 37 personar, stort sett i samband med sommarvikariat, kyrkjelydspraksis og vakansar. Elles heiter det i svaret frå Bjørgvin at bispedømmet ”har gode erfaringer med å kunne bruke ikke-ordinerte til tjenester i et begrenset tidsrom. Dette er også helt nødvendig for å få feriekabaler og annet til å gå opp enkelte steder”.¹⁰²

Møre

I Møre har 26 personar frå 2004 til 2009 fått fullmakt til å utføre assisterande teneste med tenestetid ”inntil vidare”. Det dreier seg både om einskildtenester (11 personar), lengre vikariat (9 personar), stiftspraksis (10 personar) og teneste mens dei venta på ordinasjon (5 personar). Biskop og domprost er engasjerte i saka. Erfaringane er generelt sett gode. Personane som får slik fullmakt, har lang erfaring og stor tillit i kyrkjelydane. Av utfordringar blir det nemnt at ordninga ikkje dekkjer behovet for ”vigslingsmenn”, og at ho skaper behov for oppfølging og opplæring. Ein har dessutan inntrykk av at frammettet blir noko redusert i høve til gudstenester med fast tilsett prest. Spørsmålstillinga ”om fullmakt til uordinerte i høve til fullmakt til vigsla kateketar og diakonar” blir òg aktualisert.¹⁰³

Borg

I Borg er det gitt 85 fullmakter i den aktuelle perioden. Dette er fordelt på einskildtenester og vikariat av ulik lengd. Ein del personar har fått fullmakt fleire gonger. Fullmakt til kandidatar i stiftspraksis kjem i tillegg. Elles står det mellom anna dette i svaret frå Borg bispedømmeråd:

Bakgrunn for biskopens fullmakt er at det i menighetene foreligger fravær av prestelig betjening som følge av vakanse, sykdom eller lignende. Før fullmakt innrømmes skal det foreligge en nødssituasjon, dvs. menigheten mangler tilgang på ordinert prest til å forvalte ord, sakrament og kirkelige handlinger hvor det er avgjørende at slik handling blir ivaretatt. [...] Bispedømmet har gode erfaringer med ordningen slik den er håndhevet hos oss.¹⁰⁴

Tunsberg

Av brevet frå Tunsberg biskop går det fram at bispedømmet i liten grad nyttar ikkje-ordinerte til presteneste. Omfanget blir rekna til 20 teologistudentar i stiftspraksis, 5 vikariat i opp til eit halvt års teneste og omkring 10 tilfelle der vigsla kateketar/diakonar har søkt om fullmakt til einskildgudstenester. Teologistudentar, 1–2 personar per år, blir òg nytta til noko vikarteneste ved ledige stillingar og sjukdom. Bispedømmet har positive erfaringar med ordninga og peiker på dette:

¹⁰² Bjørgvin Bispedømmekontor 2010.

¹⁰³ Møre biskop 2010.

¹⁰⁴ Borg bispedømmeråd 2010.

”Ordnungen blir benyttet når det er spesielle utfordringer med å skaffe kvalifiserte prester, og når det har nær sammenheng med den tjenesten de står i.”¹⁰⁵

Hamar

I brev frå Hamar biskop blir det opplyst om at i den aktuelle perioden er det gitt om lag 50 fullmakter ”av ulik karakter”.¹⁰⁶ Lengda varierer frå berre einskildtenester til teneste under eitt år. Nokre diakonar/diakonimedarbeidarar har likevel teneste ut over denne tidsramma ”knyttet til sitt arbeidsområde”. Om dei situasjonane som er bakgrunnen for tenesta, står det følgjande:

Fullmaktene har handlet om enkelttjenester, fullmakter for teologistudenter i stiftspraksis eller vikariat, og begrensede fullmakter til personer uten teologisk eller kristendomsfaglig bakgrunn. De fleste fullmakter gjelder teologistudenter i stiftspraksis, i vikariat i forkant av ordinasjon eller personer med teologifaglig kompetanse. Tre-fire fullmakter er gitt leke gudstjenesteledere for enkelttjenester, og to-tre fullmakter er gitt til diakon/diakonimedarbeidere for gudstjeneste og nattverd ved institusjon eller begrensede ganger i året. Et par fullmakter gjelder andre lekfolk for begrensede tjenesteområder.

Erfaringane blir omtalte som stort sett gode, ”men manglende teologisk og kirkelig skoloring kan være en utfordring i forhold til både prekenarbeid, sjesorg og evne til å se helhetlig på prestatjenesten”.

Biskopen konstaterer også at mangel ”på ordinerte vikarer øker presset på å gi fullmakt til uordinerte og ufaglærte”, og at fleire utan godkjend kompetanse søker på faste stillingar.

Avslutningsvis blir det peikt på at for å ha ”god oversikt og ryddighet i forhold til forvaltningen av § 10, er det uheldig at denne myndighet delegeres videre til prostene.” Hamar biskop har derfor ikkje teke dette med i delegasjonsreglementet sitt.

Nord-Hålogaland

Nord-Hålogaland biskop opplyser om at bispedømmet i den aktuelle perioden har hatt 31 vikarar som har fungert på fullmakt frå biskopen. 24 av desse har hatt fullmakt mellom 5 veker og 6 månader, 7 personar mellom 8 månader og 2 år, mens 1 vikar har arbeidd på fullmakt i heile 4 år. Ordninga med bruk av § 10, 2. ledd blir berre nytta ”ved prekær mangel på prester. Det vi vil beskrive som en nødsituasjon”. Ordninga blir vurdert som ”nødvendig for å skaffe betjening til bispedømmet. På den måten får menighetene en forsvarlig betjening med ord og sakrament. Vi har en veldig god erfaring med de prestevikarene vi har hentet inn”.¹⁰⁷

Stavanger

I brevet frå Stavanger biskop reknar ein med at fullmakt til å forrette gudsteneste med dåp og/eller nattverd på einskildsøndagar eller i ein periode er gitt til minst 25 personar. Dei ulike tilfella der dette førekjem, gjeld teologistudentar om sommaren eller i einskildtenester, diakonar og kateketar som forrettar ved einskildgudstenester ”for å få ’kabalen’ i gudstenestelista til å gå opp”,¹⁰⁸ og

¹⁰⁵ Tunsberg biskop 2010.

¹⁰⁶ Hamar biskop 2010.

¹⁰⁷ Nord-Hålogaland biskop 2010.

¹⁰⁸ Stavanger biskop 2010.

einskildgudstenester ved leke gudstenesteleiarar. Ein annan kategori er ungdomsleiarar ”i ungdomskyrkjelydar/kyrkjelydane sitt ungdomsarbeid som får fullmakt til å forretta nattverd på ungdomsgudstenester i kyrkjelyden der dei er tilsette. Desse fullmaktene har vore gjevne for eit halvt år om gongen”. I to tilfelle har dette vore snakk om teologistudentar. Den eine har seinare fullført studiet, mens den andre har fått ei tidsavgrensing for at studiet skal kunne fullførast.

Bakgrunnen for å bruke § 10 ved einskildtenester er ikkje berre at ein ikkje har greidd å skaffe ordinert prest, men kan også vere at ein heller ønskjer å bruke dei leke gudstenesteleiarane i den aktuelle kyrkjelyden i staden for vikarprest. Om erfaringane med dette står det følgjande:

Bispedømmet har oppmuntra kyrkjelydane til å peika ut leke gudstenesteleiarar som har fått nødvendig opplæring. Ein har ønskt å nytta desse også i gudstenester der det er sakramentforvaltning. Kyrkjelydane opplever at det er vanskeleg å gjera nytte av desse fordi det sjeldan er gudstenester utan sakramentforvaltning. Bispedømmet har stort sett gode erfaringar med bruk av leke gudstenesteleiarar, og ønskjer å vidareutvikla denne tenesta, blant anna for å gje kyrkjelydar høve til å ha meir regelmessig gudstenesteliv enn det forordninga vil kunna gje rom for.

Gudstenestene i ungdomsmiljøa er ofte laurdag kveld. Om erfaringane frå å bruke § 10 i den samanhengen seier brevet frå Stavanger biskop dette:

Kyrkjelydane som har eigne regelmessige ungdomsgudstenester med nattverd ved tilsett ungdomspastor/ungdomsarbeidar, oppnår at dei deltakande ungdomane blir vane med nattverdsfeiring i kyrkjeleg samheng. Alternativet ein del av desse stadane er eit ungdomsmiljø utan sakramentforvaltning eller med forvaltning utanom kyrkja sitt tilsyn på bedehuset.

Oslo

Oslo biskop har ikkje svart på spørsmåla frå Kyrkjerådets sekretariat, men biskopen og bispedømmerådet er først og fremst opptekne av å få teke i bruk den ressursen ordinerte prestar i andre stillingar representerer. Dette vil vere svært viktig for kyrkja, og det er derfor ”behov for ordningar for frivillig tjeneste for ordinerte prester”. Ved å vise til mellom anna sak BM 23/05 Kirkens ordinerte prester og sak BM 22/05 Prestefullmakter til ikke-ordinerte og til ordninga med ”Non-stipendiary ministry” i den anglikanske kyrkja ber Oslo biskop om at denne utgreiinga også tek opp spørsmålet om ”ordning for frivillig tjeneste for ordinerte prester i menigheter i Den norske kirke”.¹⁰⁹ Det er gjort greie for korleis denne førespurnaden er følgt opp innleiingsvis i denne utgreiinga (2.1).

Arbeidsgruppa tolkar elles responsen frå Oslo biskop slik at praksis med å bruke § 10 truleg bortsett frå stiftspraksis ikkje er spesielt aktuelt i bispedømmet.

8.3 Oppsummering

¹⁰⁹ Oslo biskop 2010.

Svara på førespurnaden til biskopane om bruken av § 10 i Tjenesteordning for biskoper viser store variasjonar og stort sett gode erfaringar og at ordninga fyller eit behov som elles hadde vore udekt. Omfanget varierer svært mellom dei ulike bispedømme og innanfor kvart bispedømme. I nokre tilfelle blir det gitt fullmakt til einskildtilfelle, mens det andre gonger blir gitt fullmakt for teneste opp mot og over året, med fire år som den lengste registrerte perioden. Innhaldet i den fullmakta som blir gitt, varierer òg. Om ein ser bort frå stiftspraksis, er prestemangel i samband med ferieavvikling og vakanse dei viktigaste grunnane til at § 10 blir teken i bruk. Samanlagt er det ikkje få fullmakter med heimel i denne paragrafen som er gitt dei siste fem åra.

9 ”Assisterande presteteneste” innanfor ramma av gjeldande ordningar for Dnk

9.1 Gjeldande ordningar og inngåtte økumeniske avtalar – forståing og bruk

Arbeidsgruppa ønskjer å framheve det som § 10 i Tjenesteordning for biskoper, som er omtalt under del 6.2 om den kyrkjerettslege situasjonen, kan gi rom for. Det at biskopane her har fått høve til å ”gi egnede lekfolk som på ansvar og under tilsyn av prest utfører assisterende teneste under tjenestefrihet eller ledighet i en prestestilling, fullmakt til å forrette forordnede gudstjenester, dåp, nattverd og gravferd”, er av spesiell relevans for vurderingane i denne utgreiinga. Det gjeld også for den tilsvarande fullmakta som ein kan gi til ”teologiske studenter som befinner seg i den avsluttende delen av profesjonsstudiet i teologi eller tilsvarende”.

Som relevant for spørsmålet om lokal presteteneste vil vi dessutan vise til dei relativt gode erfaringane med personar som er godkjende til presteteneste gjennom ordninga i § 4 og § 5 i Forskrift om tilsetting av menighetsprest. Enda større vekt vil vi leggje på at bruken av § 10 i Tjenesteordning for biskoper alt er etter måten omfattande, og at det stort sett blir gitt positive tilbakemeldingar om erfaringane med å nytte denne ordninga. Ho fyller tydelegvis eit behov, som ikkje minst er der på grunn av mangel på ordinerte prestar.

Her ligg det alt føre ei ordning innanfor Dnk som opnar for å forme tenester tilsvarande OB i Tyskland og til dels OLM i England.

Vi er klar over at denne paragrafen vart drøfta i *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke. Rapport fra Osberg-utvalget*, som låg føre i 2004, og som Bispemøtet behandla året etter (sak BM 22/05). Sjølv om ein i denne rapporten ikkje går inn for at ordninga med ”å gi sakramentsfullmakter til ikke-ordinerte” heilt bør stanse, rår ein likevel til at ”praktisering av ordningen reduseres betraktelig i omfang”,¹¹⁰ eller ”begrenses i størst mulig grad”.¹¹¹ Hovudpoenget i rapporten frå Osberg-utvalet var å få praksis ved presteordinasjonar (ordinasjon berre ved vigsla biskopar og ikkje ved domprostar) og ved sakramentforvaltning meir i samsvar med gjeldande økumeniske

¹¹⁰ *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke* 2004:4.

¹¹¹ *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke* 2004:26.

avtalar, og da særleg Porvoo-fråsegna frå 1992.¹¹² Det blir da òg peikt på at det er ”utenkelig at ikke-ordinerte skal kunne forvalte sakramentene” i anglikanske kyrkjer.¹¹³ Når det gjeld dette spørsmålet i dei lutherske kyrkjene i Tyskland, blir det nemnt at det ligg føre ein litt ulik praksis i ulike landsdelskyrkjer. Det blir konkludert med at det på dette området i desse kyrkjene “kun [er] tale om unntaksordningar”.¹¹⁴

Som vist i drøftinga vår av rapporten ”*Ordnungsgemäss berufen*”, er situasjonen i Tyskland no endra, slik at det handlar om ei meir systematisk utviding av ordningar med sakramentforvaltning ved ikkje-ordinerte.

Med tanke på det spørsmålet vi her greier ut, er desse forholda i § 10 i Tjenesteordning for biskoper spesielt avgjerande for vurderinga:

- Fullmakt kan ein gi til eigna lekfolk.
- Fullmakt kan ein òg gi til teologistudentar som er i den avsluttande delen av profesjonsstudiet.
- Tenesta skal vere under tilsyn av ein prest, dette gjeld både for OLM i England og OB i Tyskland.
- Ordninga gir fullmakt til å forrette forordna gudstenester, dåp, nattverd og gravferd. I England blir dette gjort mogleg ved ein presteordinasjon, i dei evangeliske kyrkjene i Tyskland no ved spesifiserte fullmakter.
- Desse fullmaktene kan ein gi ved tenestefråvær eller når ei prestestilling er ledig.

Arbeidsgruppa vil stille spørsmål ved tolkinga Osberg-utvalet har av to av desse punkta:

- For det første dreier det seg om korleis ein skal forstå formuleringa ”teologistudentar i den avsluttande delen av profesjonsstudiet”. Her står det i rapporten at det ”er kun kandidater på det tradisjonelle avsluttande praktikumssemester som kan gis slike fullmakter”.¹¹⁵ Men på den neste sida har ein òg inkludert “studenter på integrert praktikumssemester”. Denne utvida forståinga blir stadfest og følgd opp ved sak BM 22/05 Prestefullmakter til ikke-ordinerte, der Bispemøtet ber om ei vurdering av ”hvilke praksiselementer i prestatjenesten som er nødvendige for den teologiske utdanningen, og når i studieløpet slik praksis skal legges”.¹¹⁶ I den same samanhengen blir departementet dessutan bede om å endre § 10 slik at han kjem i samsvar med gjeldande studieordning. Og vi spør: Er det urimeleg at teologistudentar som har teke bacheloreksamen og gjennomført eit semester, eller som har teke eksamen i viktige delemne i praktisk teologi, og som ønskjer ein pause i studiet sitt, kan tenkjast inn i denne ordninga?
- Det andre dreier seg om at fullmaktene kan ein gi ved tenestefridom eller når ei prestestilling er ledig. Osberg-utvalet tolkar denne formuleringa einsidig i retning av eit nødsprinsipp og knyter dette tett opp mot prestemangel. Men vi spør: Kan det vere at ein

¹¹² *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke* 2004:8.

¹¹³ *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke* 2004:11.

¹¹⁴ *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke* 2004:11.

¹¹⁵ *Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke* 2004:23.

¹¹⁶ Sak BM 22/05 punkt 2.

slik tankegang er for ein-sidedig knytt opp til føreliggjande prestestillingar og for lite tek utgangspunkt i behovet for, til kvar tid, å sikre ei regelmessig kyrkjeleg teneste for ein kyrkjelyd eller ei spesiell målgruppe?¹¹⁷ I den behandlinga Bispemøtet har av spørsmålet om diakontenesta i tenestemønsteret i kyrkja, understrekar ein at det er mogleg med ein praktisk fleksibilitet, som eit verdifulle trekk ved ei luthersk kyrkje. Den heilage ande er ikkje bunden til faste strukturar og ordningar, er tankegangen. Det er behova og høva i den aktuelle situasjonen både når det gjeld det indrekyrkjelege og samfunnsforholda generelt som må vere avgjerande. Kyrkja ”kan ordne – og omordne – sitt tenestemønster på ulikt vis”, men måten dette skjer på, er ikkje berre eit spørsmål om pragmatiske vurderingar: ”Kirken må i den enkelte situasjon både fastholde de nødvendige tjenestene og lytte etter Åndens ledelse og spørre hvordan dens mønster av tjenester samsvarer med kirkens identitet og bidrar til å realisere dens oppdrag under de rådende forhold.”¹¹⁸ Vi må her spørje: Er ikkje Dnk i ein situasjon der det etter kvart ikkje berre kan bli vanskeleg å fylle alle eksisterande prestestillingar, men der det òg ser ut til å kunne bli vanskeleg å få oppretta ei tilstrekkeleg mengd med nye stillingar?

Dersom ein går inn for ei slik brei forståing av § 10, dreier det seg i så tilfelle om ei implisitt tolking av forholdet mellom ordinasjonsteologi og sakramentsforvaltning (CA 14) heilt på linje med det som skjer i tilrådinga ”*Ordnungsgemäss berufen*”, og dermed også om ei mogleg ordning parallelt til OB-tenesta i Tyskland. Utgreiingsgruppa oppfordrar til ei klargjering og ei strategisk gjennomtenking av og eventuell tilrettelegging for dette.

Gruppa erkjenner at ein praksis der ikkje-ordinerte kan forvalte dåp og nattverd, slik § 10 legg opp til, kan skape komplikasjonar i somme økumeniske relasjonar, først og fremst når det gjeld Porvoo-avtalen med den anglikanske kyrkja på Dei britiske øyane og Irland. I Porvoo-fråsegna, som ligg til grunn for denne avtalen, les vi dette: ”Slik konstitueres Kirkens fellesskap ved forkynnelsen av ordet og feiringen av sakramentene, *forrettet av det ordinerte embete*” (served by the ordained ministry – vår utheving).¹¹⁹

Men denne formuleringa frå Porvoo-fråsegna er ikkje følgd opp i sjølve avtaleteksten, som har ein meir forpliktande karakter enn fråsegna. Men fråsegna er grunnlaget for avtalen, og det er derfor ikkje uproblematisk i høve til Porvoo-fellesskapen at Dnk har ein praksis der ikkje-ordinerte forrettar dåp og nattverd på biskoppeleg fullmakt. Noko av den same problematikken gjeld også overfor Metodistkyrkja i Noreg, der avtalen Nådens fellesskap viser til at forkynninga og sakramentsforvaltninga i embetet er ”en ordinert tjeneste”.¹²⁰

Det er viktig å leggje vekt på omsynet til økumeniske avtalar. Men gruppa har likevel den oppfatninga at ingen av avtaletekstane er av ein slik art at dei set ein definitiv bom for ei ordning der ikkje-ordinerte kan forvalte dåp og nattverd. Ingen av desse avtalane formulerer eksplisitte vilkår i denne samanhengen. Dei viser derimot til ein etablert hovudpraksis som ein går ut frå

¹¹⁷ Jf. ein tilsvarande tankegang hos Nordhaug, ”Kan presten erstattes. Noen embedsteologiske og praktiske refleksjoner i trange tider”, *HPT* 25, 2/2008, 3-13, der ei snever tolking av den nemnde § 10 i retning av eit nødsprinsipp blir avvist, s. 9f.

¹¹⁸ Sak BM 03/10.

¹¹⁹ Fellesfråsegn frå Porvoo 1992, art. 17, jf. tilsvarande i art. 32 j og art. 41. Sjå *Fellesuttalelsen fra Porvoo – med porvoo-erklæringen "Together in Mission and Ministry"* 1994/2002:15, 25 og 30.

¹²⁰ *Nådens fellesskap* 1994:22.

gjeld, sjølv om det heller ikkje på den tida da desse avtalane vart inngått, berre var ordinerte som forvalta dåp og nattverd i Dnk. Denne hovudpraksisen er da også den heilt dominerande normalordninga i kyrkja vår. Men når ei kyrkje står i ein nødssituasjon som desse avtaletekstane ikkje reflekterer, der behovet hos ein kyrkjelyd for regelmessig gudstenestefeiring og høve til nådemidla står på spel, bør omsynet til kyrkjelydane tilseie ein viss fleksibilitet når det gjeld forståinga av desse økumeniske avtalane.

Gruppa erkjenner likevel at ein praksis som spring ut av ei slik brei tolking av denne paragrafen, kan skape komplikasjonar i somme økumeniske relasjonar. Ei liknande spørsmålsstilling har ein vore inne på i fråsegna frå Bispemøtet om diakontenesta i tenestemønsteret i kyrkja. Bispemøtet avviser her at den forpliktinga dei lutherske og anglikanske kyrkjene har ved Porvoo-fråsegna om å arbeide for å komme fram til ei felles forståing av diakontenesta, nødvendigvis må innebere at Dnk ser dei vigsla tenestene sine i lys av eit ”tre delt embete”. Dette blir utdjupa ved at det blir vist til at anglikanske og lutherske kyrkjer godtek preste- og bispetenesta til kvarandre, ”uten at man har noen felles forståelse av den struktur disse tjenestene inngår i”.¹²¹

I tillegg til § 10 i Tjenesteordning for biskoper viser vi til ordninga for preikegudsteneste, *Gudstenestebok for Den norske kyrkja*, der det mellom anna står: ”Gudstenesta skal leiast anten av ein prest eller ein som har fullmakt til å vere gudstenesteleiar eller ein annan lek kristen.”¹²² Det siste alternativet “ein annan lek kristen” må tyde at det ikkje krev fullmakt frå biskop. Vi understrekar at det her dreier seg om ei preikegudsteneste utan sakramentforvaltning, som kanskje i større grad bør nyttast, og som ein bør arbeide meir systematisk med. Slike gudstenester skaper ikkje økumeniske vanskar.

9.2 Moglege konkrete utformingar av assisterande presteteneste ut frå gjeldande ordning

Ut frå ei slik tolking av den gjeldande ordninga verkar det som at det her ligg godt til rette for ei fleksibel utforming av ulike typar av assisterande presteteneste. Fleksibiliteten kan gå på at det kan vere rom for

- frivillige og lønte tenester, eventuelt som deltidsengasjement
- tenester som er knytte til eit konkret prestegjeld, eit prosti eller eit bispedømme
- tenester som personar med noko ulik utdanningsbakgrunn kan stå for
- tenester som, i tillegg til ordinær kyrkjelydsteneste, kan rettast inn mot ulike nærmare definerte målgrupper

Arbeidsgruppa vil rå til at ei slik ordning blir utvikla vidare i norsk samanheng langs desse hovudlinjene i Nordhaugs tilrådingar:¹²³

- Bispedømmma utarbeider ei oversikt over behovet i området sitt og arbeider med å finne og motivere aktuelle kandidatar for ei slik teneste.

¹²¹ Sak BM 22/05.

¹²² *Gudstenestebok for Den norske kyrkja*, del I 1992:156.

¹²³ Nordhaug 2008:13.

- Ein arbeider med å få i stand eit visst standardisert utdanningstilbod, gjerne i samarbeid med kyrkjelege utdanningsinstitusjonar, som kan gjennomførast på stifts- eller regionnivå.
- Dei som går inn i tenesta, får eit standardisert fullmaktsbrev som viser fullmaktene og pliktene i tenesta, og kor lenge og innanfor kva område fullmakta gjeld.
- Det er rimeleg at innsetjing i tenesta skjer som ei gudstenestleg handling med forbønn, og at den presten som skal ha tilsyn med tenesta, er med her.

Arbeidsgruppa tenkjer seg òg at ein i arbeidet med kriterium for utdanning og kor eigna ein kandidat er til ei slik teneste, kan lære av det ein gjer innanfor CofE for å førebu kandidatar til OLM og i dei tyske kyrkjene til OB.

I tilfelle der det er ønskjeleg med overgang til ei meir permanent presteteneste, vil arbeidsgruppa peike på det som er mogleg å få til ved ordningane i § 4 og § 5 i Forskrift om tilsetting av menighetsprest, som opnar for godkjenning gjennom vedtak i Evalueringnemnda. Men ei gjennomtenking av korleis det eventuelt skal kunne leggast til rette for dette, fell utanfor rammene for denne utgreiinga.

9.3 Ungdomsprest/ungdomspastor med bacheloreksamen

Når det gjeld spørsmålet om ungdomspastor/-prest med bacheloreksamen, vil arbeidsgruppa peike på at dette rommar to ulike forhold som ikkje nødvendigvis har så mykje med kvarandre å gjere: behovet for ei meir systematisk organisering og ein strategi for å vareta ungdomsarbeid i Dnk generelt og det underordna spørsmålet om ein eventuell ny stillingskategori for å kunne byggje opp fellesskapar for ungdom som inkluderer sakramentsforvaltning.

Vi meiner at denne utgreiinga viser at den største og mest grunnleggjande utfordringa i Dnk når det gjeld ungdomsarbeid, er at kyrkja manglar ein gjennomtenkt strategi som også inkluderer det sakramentale. Det manglar også heilskaplege, tydelege ordningar for å vareta tilsette som skal leie ungdomsarbeidet. Trass i mykje godt, lokalt arbeid er det eit gjennomgåande trekk som pregar heilskapen, at Dnks ungdomsarbeid manglar ei gjennomgåande profesjonell, stabil leiing. Dette er nødvendig for å møte behov hos ungdom og for å halde oppe og utvikle eit kvalitetstilbod frå Dnk på livssyns- og fritidsmarknaden i samfunnet.

Det andre og meir underordna spørsmålet om ein eventuell ny stillingskategori for å kunne vareta fellesskapar for ungdom som inkluderer sakramentsforvaltning, må ein – slik arbeidsgruppa vurderer det – sjå i samheng med det større stillingsmønsteret i kyrkja. Dette er nødvendig for å få til meir planlegging på lang sikt og skape større heilskap i satsinga. Som det går fram av denne utgreiinga, er arbeidet med å avklare ordningar for godkjenning av utdanning på lågare nivå enn mastergrad for andre kyrkjelege stillingsgrupper framleis noko ein driv med. Erfaringane frå Trusopplæringsreforma vil vere viktig i dette, og spørsmålet om bachelorprest bør ein sjå i samheng med ei avklaring også for dei andre relevante stillingsgruppene. Å satse på ein ny stillingskategori no, utan at ein tek omsyn til denne større heilskapen, vil ikkje ha noko for seg og heller ikkje kunne løyse dei grunnleggjande utfordringane som gjeld Dnks ungdomsarbeid. Arbeidsgruppa rår derfor ikkje til at det no blir etablert ein ny stillingskategori med ungdomsprest på bachelornivå.

*

Kjelder og litteratur

Borg bispedømmeråd: Brev av 7.5. 2010.

Bjørgvin Bispedømmekontor: E-post av 21.4.2010.

Brunvoll, Arve 1970: *Vedkjenningsskriftene åt Den norske kyrkja. Ny omsetjing med innleiingar og notar*, Lunde forlag, Bergen-Oslo.

Croft, Stephen og Walton, Roger 2005: *Learning for Ministry. Making the most of study and training*, Church House, London.

Det kongelege fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet: Brev av 9.4.2010.

E-post til Birgitte Lerheim frå kontorsjef Rigmor Smith-Gahrsen 26.01.2010.

E-post til Birgitte Lerheim frå rektor Stig Lægdene ved KUN 27.01.2010.

E-post til Birgitte Lerheim frå kommunikasjonsrådgivar Atle Ottesen Søvik ved MF 28.01.2010.

E-post til Birgitte Lerheim frå studiesjef Einar Engebretsen ved MHS 28.01.2010.

E-post til Synnøve Hinnaland Stendal frå rådgiver/opptaksleder Rune Vik ved MF 20.08.2010.

Fausser, Katrin, Fischer, Arthur og Münchmeier, Richard: *Jugendliche als Akteure im Verband*, Opladen, 2008.

Fellesuttalelsen fra Porvoo – med Porvoo-erklæringen "Together in Mission and Ministry", Den norske kirke, Mellomkirkelig råd 1994/2002.

Fischer, Arthur og Münchmeier, Richard 2008: *Jugendliche als Akteure im Verband*, Opladen.

Gresaker, Ann Kristin. 2009a. *Rekruttering til menighetspreststillinger i Den norske kirke*, . KIFO-notat 4/2009.

Gresaker, Ann Kristin. 2009b: *I gode og onde dager ... Trivsel, belastninger og sluttvurderinger blant menighetsprester i Den norske kirke*, KIFO-notat 6/2009.

Gresaker, Ann Kristin og Høeg, Ida Marie 2009: *Prest i Den norske kirke. En rapport om presters arbeidsforhold*. KIFO-notat nr. 5/2009.

Grube, Kirsten og Østergaard, Søren 2006: *Mer end blot en søgen efter enkle svar? Et studie i danske unges søgen mok kirkelige fellesskaber*, Unitas forlag, Fredriksberg.

Gudstenestebok for Den norske kyrkja, del I, Verbum 1992.

Gudstenestebok for Den norske kyrkja, del II, Verbum 1992.

Hamar biskop: Brev av 20.5.2010.

Heskins, Jeffrey og Torrey, Malcolm (red.) 2006: *Ordained Local Ministry*, Norwich: Canterbury Press.

Holmqvist, Morten (red.) 2007: *Jeg tror jeg er lykkelig. Ung tro og hverdag*, Kloster forlag, Oslo.

Höeg, Ida Marie, Winsnes, Ole Gunnar og Hegstad, Harald 2000: *Folkekirke 2000. En spørreundersøkelse blant Den norske kirkes medlemmer*, KIFO, Oslo.

Jordan, Elizabeth Ann 2008: The place of Ordained Local Ministry in the Church of England, s. 219–232. I *Practical Theology* 1, hefte 2.

Kyrkjerådet: Brev av 04.03.2009.

Kyrkjerådet: Brev av 17.06.2010.

Lovsamling for Den norske kirke. Lover, forskrifter og annet regelverk, Kirkerådet 2010.

Lutheran World Federation: Brev av 3. februar 2006.

Lønns- og personalstatistikk for kirkelige arbeidstakere 2008, KA Kirkelig Arbeidsgiverorganisasjon, Oslo 2009.

Mikkola, Teija, Niemelä, Kati og Petterson, Juha 2007: *The Questioning Mind. Faith and Values of the New Generation*, Church Research Institute, Tampere.

Mission-shaped church. Church planting and fresh expressions of church in a changing context, London: Church House publishing 2004.

Motzfeldt, Ulrik Anton 1844: *Den norske Kirkeret*, Christiania.

Møre biskop: Brev av 28.4.2010.

Nordhaug, Halvor 2008: Kan presten erstattes? Noen embetsteologiske og praktiske refleksjoner i trange tider, s. 3–14. I *Halvårsskrift for praktisk teologi* 25, 2.

Nord-Hålogaland biskop: Brev av 27.5.2010.

Norheim, Bård Eirik Hallesby 2008: *Kan tru praktiserast? Teologi for kristent ungdomsarbeid*, Tapir akademisk forlag, Trondheim.

Nådens fellesskap. Rapport fra samtalen mellom Metodistkirken i Norge og Den norske kirke, Kirkens Informasjonstjeneste, Oslo 1994.

OLM – A Ministry in Flux, House of Bishops 2007.

Ordained Local Ministry – And Your Paris, Manchester, www.ekd.de.

Ordinasjon og vigsling i Den norske kirke. Rapport fra Osberg-utvalget, Oslo, juli 2004.

”Ordnungsgemäss berufen”. *Eine Empfehlung der Bischofskonferenz der VELKD zur Berufung zu Wortverkündigung und Sakramentsverwaltung nach evangelischen Verständnis*, 2006, [www.velkd.de/downloads/Ordination\(2\).pdf](http://www.velkd.de/downloads/Ordination(2).pdf)

Oslo biskop: Brev av 11.5.2010.

Pritchard, John 2007: *The Life and Work of a Priest*, SPCK, London.

Savage, Sarah, Collins-Mayo, Sylvia og Mayo, Bob 2006: *Making sense of Generation Y. The world view of 15-25-year-olds*, Church House Publishing, London.

Stavanger biskop: Brev av 4.6.2010.

Stendal, Synnøve Hinnaland 2003: ”... under forvandlingens lov”. *En analyse av stortingsdebatten om kvinnelige prester i 1930-årene*, Arcus förlag, Lund.

Stranger in the Wings: A Report on Local Non-Stipendiary Ministry, Advisory Board of Ministry Policy Paper no. 8, Church House Publishing, London 1998.

Tunsberg biskop: Brev av 10.5.2010.

Ung i Noreg 2002.

West Midland Church Leaders 2007: *A Covenant to establish a Regional Training Partnership*.

www.helseogsosialfag.no.

www.kifo.no/index.cfm?id=268203

www.mf.no.

